


Leidarsteidn



Årshefte 2015
Bømlo Tur- og Sogelag
Årgang 14

Pris kr 120,-

Innhold:

Forord.....	s 3
Tillitsvalde i Bømlo Tur- og Sogelag.....	s 4
Brekke-brørne fra Espenvær	
Ved Bernt Emil Vika.....	s 5
Kåso-namnet - kor kjem det frå?	
Av Nils Henning Vespestad.....	s 17
Utbygging av hamn ved Holmesjøen	
Av Bernt Emil Vika.....	s 24
Tilbakeblikk	
Av Edvin Kallevåg.....	s 30
Kyrkjemarto	
Av Tolleiv Hidle	s 33
Da navnet Heine kom til Bømlo	
Av Astrid Vestvik Nilsen.....	s 36
Oppvekst på Hovland i førre århundre	
Av Bente Hovland Bergtun.....	s 38
Barndom på Bømlo	
Av Lauritz Eide.....	s 41
"Kor vart det tå dei?"?	
Ved Bertha Marie Vold.....	s 56
Baksidebilete.....	s 60

Forord

Året 2015 er snart historie. Det har for sogelaget vore nok eit år med kamp mot mott, rust og røte. Den kampen trur eg me har kome godt ut av. Me har sett smia på Berge i stand med ny kledning. Me har restaurert kvernhuset på Bergeseidet, og sist, men ikkje minst, Fridtun er “berga”. Har skifta reisverk og kledning på 3 sider. Godt utført arbeid. Huset var nesten til nedfalls. Takk til Vestenfjeldske Bykredit, Finnås Kraftlag, Hordaland Fylkeskommune og Haugesund Sparebank for økonomisk støtte.

Turstiane våre har vorte mykje nytta i år av både store og små. Fint samarbeid med Hillestveit skule. Nytt i år er turstikonkurransen vår. Trekning av vinnarar skjer no snart – spanande.

Den årvisse skjærtorsdag på Bergeshuset var i år svart vellukka med ca. 100 deltagarar. Arrangementskomiteen har òg vore aktivt med på “Polsk dag”. Her var det uventa mykje folk, veldig bra arrangement. Me hadde òg eit arrangement med Dag Lindebjerg – veldig interessant.

Bømlo Tur- og Sogelag er godt i gang med eit biletbokprosjekt for Søra Bømlo. Det ligg litt fram i tid, men svart interessant.

Elles har me vore med på kurs i produksjon av heimesider, vore med på Sydvest Bokfestival i Etne og andre små tilskipingar. Me er òg med på å registrera kulturminne for Hordaland fylkeskommune.

I vår var me på ein fin tur til Karmøy med dognadsgjengen – inspirerande. Her fekk Eivinn Lodden æresmedlemskap for arbeidet han har gjort – og forhåpentlegvis kjem til å gjea for laget.

Bømlo Tur- og Sogelag var i 2015 vertskap for Hordaland Sogelag sitt årsmøte – svart vellukka arrangement.

I 2014 selde me ca. 600 eksemplar av Leidarsteidn og fekk gode tilbakemeldingar. I år er det kome ein del nye “forfattarar”, dette set me stor pris på og tek gjerne mot fleire bidragsytarar. Til slutt, tusen takk, Bernt Emil, for framifrå arbeid med Leidarsteidn. Håpar mange vil kosa seg med heftet i år òg.

Vil med dette ynskja alle våre lesarar ei God Jul og eit Godt Nyttår!

Norvald Nyteit
Leiar Bømlo Tur- og Sogelag

Vi støttar Bømlo Tur- og Sogelag



Haugesund Sparebank

Sentralbord: 03240

Telefaks: 52705001

post@haugesund-sparebank.no

Tillitsvalde for Bømlo Tur- og Sogelag, valde på årsmøtet 28. april 2015

Styret

Faste medlemer av styret

Leiar	Norvald Nyteit, 1 år
Nestleiar	Bernt Emil Vika, 2 år
Kasserar	Øyvind Monsen, 2 år
Sekretær	Nancy Helen Olsen, 1 år
Styremedlem	Ellen Vold, 1 år
Styremedlem	Ivar Barane, 1 år

Varamedl. til styret:

Signe Lønning, 1 år
Gerda Larsen, 1 år

Arrangementsnemnd

Ivar Barane (leiar), 1 år

Bernt Emil Vika, 2 år

Anne Karin Pedersen, 2 år

Daliella Neper, 2 år

Torhild N. Vika, 2 år

Lene Pedersen, 1 år

Lene Tendeland, 1 år

Inger Nilsen Toft, 1 år

Anita Pedersen, 1 år

Restaureringsnemnd

Bergehuset Knut Hegle, 2 år

John Harald Bauge, 1 år

Fridtun og Arne Vorland, 2 år

Hilleborgst. Helge Bunes, 1 år

Odd Bjarne Hovland, 1 år

Kvernhus og Endre Barane, 2 år

Karinestova Egil Lodden, 1 år

Aksel Kønig, 2 år

Saga Arvid Samdal, 2 år

Nils Peder Holme, 2 år

Ådnahytta Lars Inge Vestvik, 1 år

Kvernhus på Reinert Hovland, 2 år

Bergeseidet

Nemnd for merking av stiar

Bertha Marie Eidesvik, 1 år

Helge Glærum, 2 år

Ellen Vold, 1 år

Willy Sørenes, 1 år

Skriftstyre

Bernt Emil Vika, 2 år

Berge Olson, 2 år

Norvald Nyteit, 1 år

Lars Inge Vestvik, 1 år

Valnemnd

Signe Juell Lønning, 2 år

Liv Olson, 2 år

Internett

<http://www.b-ts.no>

Epost: post@b-ts.no

Org.nr.

985056761



Brekke-brørne frå Espesvær

Ved Bernt Emil Vika

Frå tid til anna høyrer vi om personar som kjem frå enkle kår, men som ved hardt arbeid og pågangsmot likevel greier å gjera det godt i livet. Tre slike personar er Brekke-brørne frå Espesvær; Halfdan Krohn Brekke, Thomas Johan Brekke og Magnus Mauritz Brekke. I ung alder drog dei til Haugesund, der dei alle sette tydelege spor etter seg. Spesielt "Oskeladden" Halfdan Krohn Brekke, som det her skal handla mest om, bygde opp eit imperium innan handel og skipsfart.

Bakgrunn

Hans Olai Thomassen Brekke, fødd 1877, kom til Espesvær frå Øklandsvåg, Bremnes. Han bygsla sjøgrunn i Søre Garvik i 1904, og bygde våningshus med sjøhus der. Hans var utlærd snikkar i Bergen og kom til Espesvær for å byggja båtar. Han dreiv òg med sild- og hummaroppkjøp og var på makrelldorging og sildeføring med båtane "Fram" og "Varuna".

Hans vart gift med Karoline Kvernernes frå Brandasund, fødd 1879. Karoline var søster til Kristian Steinsbø som starta det store trelastfirmaet i Urangsvåg. Både Hans Olai og Karoline kom frå store familiar. Begge vaks opp i ein søkenflokk på tolv barn. Sjølv skulle dei også få tolv barn, ni jenter og tre gutter. Hans Olai døydde i Spanskejuka i 1919, berre 42 år gammal. Karoline sat då igjen med 12 barn, den eldste gjekk for presten, og den yngste låg i vogga. Karoline levde til 1963.

Etter ein kort presentasjon av dei tre gutane til Hans og Karoline følgjer eit portrettintervju med Halfdan Krohn Brekke som stod på trykk i Haugesunds Avis 6. februar 1971. Intervjuet er signert "Bas".

Karoline Brekke, mor til dei 12 barna, på sine eldre dagar. Etter at mannen døydde vart ho buande i huset i søre Garvika. Her budde ho soman med dottera Klara og mannen hennar Nils Larssen, som tok vare på henne i alderdomen.

Karoline døyde i 1963.




*Dei 12 barna i Brekke-familien, Søre Garvik, Espesvær.
Margit f. 1903, Halfdan Krohn f. 1904, Sigfrid f. 1906, Jenny f. 1907, Klara
f. 1909, Kirsten f. 1911, Johanna f. 1912, Thomas Johan og Magnhild f. 1913
(tvillingar), Magnus Mauritz f. 1915, Konstanse f. 1917, Vally f. 1918.*





Dette biletet er frå Bergen, der Hans Olai arbeidde på eit tømmermannslag. Han står i midten bak med sixpence. Margit meinte det var et bygg i samband med ei utstilling av eit eller anna slag. Årstalet er ukjent.



Seglskøyta "Fram" var særsviktig for Brekke-familien. Hans Olai fekk bygt skøyta omkring 1904, samtidig som han sette opp huset sitt i søre Garvika. Då han døydde i Spanske sjuka i 1919, sat Karoline igjen med halvparten, som ho åtte saman med Endre Olsen. Det vart montert ein 20 HK motor i skøyta, og seinare, i 1932, vart det sett inn ein 30 HK Rubb på Esperær Slip. Bror til Karoline, Jonas Kvernanes, dreiv slippet i fleire år. Skøyta fekk fiskerinummer H-24-BO, og namnet vart endra til "Fram II". Ein annan av brørne hennar var Ole Kvernanes, som hadde båtbyggeri på Fitjar. Dei hadde godt nevelag, både Brekke og Kvernanes.

Bakerste rekke fra v.: Georg Jensen, Torstein Knutsen, Johan Knutsen, Konrad Holme, Ludvig Amundsen, Monrad Larsen, Olaf Kristiansen jr., Peder Larsen, Einar Larsen, Sigvald Iveren, Halfdan Krohn Brekke, Erling Holme, Arne Amundsen, og lærer Aksnes. Nest bakerste rekke: Arthur Hahnven, Birgit Tønnesen, Anna Karlsen, Agnes Andersen, Bergfot Bie, Ragna Tønnesen, Gudrun Tollerik, Helga Amundsen, Marie Larsen, Olga Olsen, Margit Brekke, Signe Nilsen. Nest fremste rekke: Erling Gunstrom, Torleif Larsen, Gunnbild Haraldseid, Gunnor Gunstrom, Hildur Bie, Harriet Knutsen, Sigrid Brekke, Jenny Stoknes, Helga Holme, Gudrun Gunstrom, Borghild Tønnesen, Agnes Nilsen. Fremste rekke: Mimmi Haraldseid, Sigrid Eiken, Ingeborg Tollerik, Karoline Stoknes, Karen Eiken, Anna Nilsen.

Skulen på Espenæs omkring 1914.





Halfdan Krohn Brekke.

Halvdan Krohn Brekke vart fødd 29. juli 1904. Etter konfirmasjonen, rundt 1918/19, drog han til Haugesund og fekk jobb som ærendsgut hos "Sampson på Kaien". Arbeidstida var lang og løna beskjeden, men han levde enkelt og greidde å spara opp ein del pengar dei åra han var i firmaet. Sampson, Halfdan sin sjef, vart ein gong spurd om han ikkje var redd konkurransen frå dei andre forretningsdrivande i Haugesund. Til dette svara han at det var han ikkje. Den einaste han frykta var sin eigen ærendsgut. Og konkurransen var snart i gang, for i 1931 hadde Halfdan spart opp så mykje pengar at han var i stand til å etablera eigen forretning innan herrekonfeksjon.

Då 2. verdskrig braut ut, var H. Krohn Brekke A/S et velrenomert firma i Haraldsgata 131 (der Windsor magasin held til i dag). I 1955 flytta han over gata og inn i eige fire-etasjars nybygg. Bygget vart i 1964 utbygt med eit nytt og større 6 etasjars forretningsbygg med fasade mot Strandgata.



*Denne kleshengjaren fann du i kvart eit skap
på Hangalandet.*

"Byens Magasin", med eit areal på 3500 m², var ein realitet, det første i sitt slag i regionen Nord-Rogaland/Sunnhordland.

Magasinet inneheldt no klede og konfeksjon for dame og herre, barn og ungdom, sko og fottøy, sportsavdeling, dagligvarer, kafeteria samt kontor og lagerrom.

Skotex AS (H Krohn Brekke) var holdingselskapet som åtte bygget i Haugesund sentrum, samt notbarkeriet på Litlasund (sjå nedanfor) og Makadamverket på Borgøy i Tysvær.

Men H. Krohn Brekke stod også for ei lang rekke andre etableringar. Like etter krigen kjøpte han ein kvalfangar som han bygde om til snurpebåten "Hansobe". Han var òg medeigar i andre fiskefartøy, m.a. "Espevær", bygd på Nordtveit i 1947, og "Bjørkevær", innkjøpt i 1954, opphavleg ein tysk trålar med dampmaskin.

H. Krohn Brekke bygde også eit notbarkeri innanfor Storesundskjærene i Haugesund. Der var det stor aktivitet til langt ut på 1960-talet.

Reiarlaget til H. Krohn Brekke fekk det første lasteskipet sitt, "Canasta", i 1951. Magnus Brekke, bror til Halfdan, førte skipet, og var seinare òg kaptein på andre skip som kom med i reiarlaget;

M/T "Casino", M/S "Bingo", og M/S "Curling". Alle hadde namn etter kjende spel. Halfdan Krohn Brekke var på mange måtar ein gamblar, men han hadde god teft og kom som regel ned på beina.

Det siste skipet i reiarlaget Krohn Brekke vart M/S "Krohn Trader", eit vakkert linjeskip på 9300 tdw, innkjøpt i 1974. Då dette skipet vart avvikla, var det slutt på verksemda til reiarlaget.

Etter eit lengre samarbeid med Cubus/Øglænd vart manufakturavdelinga avslutta, og Skotex-selskapet kjøpt av Hauge&Lindås, som eig det i dag.

Skoavdelinga blei skilt ut som eige firma og etter kvart overteke av Einar Larssen frå Espesvær, som driv det i dag i andre lokale.

Halfdan Krohn Brekke var gift med Birgit Fagerland, dotter til skipsførar Niels Fagerland frå Førde i Sunnhordland. Dei fekk fem barn: Hans, Ingeborg, Jan, Knut og Øystein.

Halfdan Krohn Brekke døydde i 1992.

Thomas Johan Brekke, f. 22. juli 1913, var tvillingbror til Magnhild. Han begynte tidleg i snikkarlære, men reiste seinare til Haugesund og vart tilsett hos broren Halfdan Krohn Brekke som butikksjef og vindusdekoratør.

Han gjekk på dekorasjonsskule i Hamburg like før krigen, og opplevde der nazistane sitt styresett på nært hold.

Den 9. april 1940, då tyske troppar invaderte Noreg, var han soldat i det kjende Haugesundskompaniet under kaptein Vestvik. Dei norske troppane vart etter kvart trengde innover i Hardanger. Det kom til ein del trefningar, m.a. i Ulvik, men han klarte seg utan skadar. Han fekk til og med gøynt Krag geværet sitt unna tyskarane.

Etter krigen starta han Ths. Brekke agenturforretning på kaien i Haugesund, og leverte m.a. dieselmotorar, smøreoljer og anna utstyr til fiskeflåten. Han var også korresponderande reiar for "Simba", ein minesveipar bygd om til snurpebåt hos Ottesen i Sagvåg i 1947. "Simba" vart også utrusta for sildefisket på Island, og var på to ekspedisjonar



Thomas Johan Brekke.

med linefiske på Grønland. Fartøyet ble kondemnert og senka utanfor Fjellberg i 1964.

Thomas Johan Brekke var gift med Karen Sausjord, dotter til kjøpmann Samson Sausjord i Haugesund. Dei fekk tre barn: Tor, Kirsti og Guro.

Svigersonen Harald Sørensen gjekk inn i agenturfirmaet, og overtok seinare drifta av Ths. Brekke AS. Firmaet vart etter kvart avvikla.

Thomas Johan Brekke døydde 15. desember 1990.

Magnus Mauritz Brekke, f. 10. mai 1915, var den yngste av brørne. Hovudinteressa hans var sjø og fiske, og han drog tidleg i utanriksfart. Då Noreg kom med i krigen den 9. april 1940, var han i Hong Kong, og dei første åra av krigen fortsette han å segla i østenfart.

Då japanarane angrep Pearl Harbor den 7. desember 1941, var Magnus Brekke på mørnstra det britiske skipet S/S "Chak Sang" som 2. styrmann. I jula dette året var skipet i Rangoon, og medan dei låg der, vart hamnebyen utsatt for kraftig bombing av



*Kaptein Magnus Mauritz Brekke.
Etter krigen var han i mange år formann i
Haugesund og Omland Krigsseilerforening.*

japanske fly. Men skipet vart ikkje treft, og dei kunne ta om bord flyktingar - barn, gamle og sjuke. Då dei gjekk nedover elva, var skipet fullasta med livredde menneske, med livbåtkapasitet til snautt halvparten. Men det gikk bra, og dei tok seg velberga til Madras.

I India lasta skipet matvarer og stykkgods til Rangoon, og skulle på tilbaketurta med nye flyktingar. Men dit kom dei aldri. Tre dagar etter avgang, den 22 januar 1942, vart dei angripne og skotne i senk av ein japansk ubåt, "I-166", ført av kapteinløytnant Z. Yoshitome. Magnus Brekke vart hardt såra, men greidde å ta seg opp i ein av livbåtane. Der var dei i alt 25 skipbrotne, berre indarar og kinesarar utanom han sjølv. Livbåten dreiv rundt i seks døgn i steikande sol og utan vatn, til dei vart tatt opp av tre hurtiggåande MTB'ar og deretter sette i land.

Etter ein god del vanskar, vart han, framleis hardt såra, smugla på elvebåt gjennom dei japanske linjene tilbake til Mandalay, ein tur som tok 10 dagar.

Ein indisk lege gjennomførte to operasjonar på han, utan bedøving, i løpet av denne etappen. Då dei japanske styrkane nærma seg Mandalay, vart det ny flukt på båre til byen Laisho på grensa mellom Burma og China. Herifrå bar det med fly til Calcutta, og sjukehusophald i 6 - 7 månader, med i alt 14 operasjonar.

Etter lang tid fekk han igjen mònstra på som styrmann på Wallem Co's S/S "San Rafael". Dette skipet gjekk for britisk befraktar, og han kom til England på slutten av 1943. Skipet gjekk seinare til Italia, og derifrå til Australia, der Magnus Brekke vart sjukeavmònstra i 1944, men kom seinare om bord igjen. I 1946 kom "San Rafael" til Shanghai. Han vart no tilsett i U.N.R.A., og var i teneste fram til mai 1948.

Magnus Mauritz Brekke var gift med Nora Osland frå Haugesund. Dei fekk tre barn: John Magnus, Kari Grethe og Annelise.

Magnus Mauritz Brekke døydde 28. juli 1988.

Slutttord

Typisk for desse Brekke-brørne var det gode humøret deira og glimtet i auga. Dei vitsa og erta kvarandre gjennom heile livet, det var vel ein overlevelsesteknikk frå barndommen.

-Koss går det, Halfdan? var det mange som spurde den tettvaksne espeværingen.

-Som ål i snott, farr, svarte Halfdan.

Dei tre brørne bygde kvar sitt sommarhus ved Ålfjorden i Sveio. Her hadde dei mykje sosial omgang om somrane. Halfdan Krohn Brekke kalla sin stad for "Brekkestø".

Dei såg ut til å vera fødde utan nervar, var spontane og kom alltid ned på beina. Heile livet var dei interesserte i fiske og jakt. Dei spelte kort og gjekk i foreiningar, reiste mykje, var glade i fjell og fjord, men i vaksen alder var dei lite på Espevær...

Brørne er gravlagde i Haugesund.

Kjelder:

Tor Brekke

Rolf Nesse

Kari Shetelig Hovland: Bømlo Bygdebok Bind III

Alle foto frå Tor Brekke.



Magnus Brekke medan han arbeidd for U.N.R.A. i Kina i 1947.



Halfdan og Magnus, reiar og kaptein, om bord i "Canasta" i 1950.

“Du er liten, du”, sa den første arbeidsgiveren I dag en av de største i landet - i sin bransje -

Fra Haugesunds Avis lørdag 6. februar 1971

”Egentlig har jeg vel alltid vært mer interessert i fartøyer enn klær”.

Forrige lørdag var det 40 år siden espeværingen Halfdan Krohn Brekke startet sin egen forretning i Haugesund, en beskjeden butikk med ham selv og en ekspeditør som samlet arbeidsstokk. I dag hersker han over det største tekstilhuset i Norge utenom Oslo, Trondheim og Bergen med omkring 100 ansatte. Og er dessuten skipsreder. Sannelig har han grunn til å markere det som er skjedd i løpet av disse årene, når han i kveld samler hele sin stab til jubileumsfest i Festivitetens vakre lokaler.

Slekten Brekke kommer egentlig fra Bremnes, og de er en i sannhet tallrik skare. Halfdan Krohn Brekkes far var en av 12 søsknen, hans mor var en av 12 søsknen. Og selv er han en av 12. Det heter seg i

familien at de i dag er i alt 112 søskenbarn. For et slektsstevne det måtte bli!

”Du var liten!”

Halfdan var 14 år gammel da faren døde. Da han var 16, var det på tide å se seg om etter jobb, og etter som han ikke kunne tenke seg å drive fiske, men bare tenkte på og drømte om butikk, pakket han kufferten og dro til Haugesund for å høre om det var noen som hadde bruk for en gutt.

- Og hvem hadde bruk for det?

- En venn av meg visste om Sampson. Og Sampson var game. Jeg husker at han stod og målte meg opp og ned, og så sa han:

- Du er liten. Men jeg var liten jeg også, så du kan være god for det.

- Og dermed var det gjort. 3 dager senere begynte jeg i butikken, og der ble jeg i 10 år, bare avbrutt



Postkort fra Esperør med huset (litt til venstre i bildet) der Halfdan Krohn Brekke og søsknene hans vokste opp.
Huset er i dag (2015) i Kåre Larsen sin eie.

av et års studieopphold i Tyskland med reise til Frankrike og England.

Om greven i Espevær - og om språk

- Og hva gjorde De i Tyskland?
- Jeg arbeidet først i en skofabrikk, og senere i en sportsforretning. Dessuten gikk jeg på en dekorasjonsskole. Jeg følte at jeg måtte ut, og jeg bekostet det hele selv.
- På Espevær var det vel bare folkeskole, og der lærte en vel ikke språk den gang?
- Mens jeg bodde hjemme i Espevær kom det en russisk greve dit. Han var flyktning fra revolusjonen i Russland, Roshchakowsky het han. Og han måtte jo ha noe å gjøre, og begynte å gi undervisning i engelsk. Det var en interessant mann. Hans datter giftet seg for øvrig med sønn til fiskerioppsynssjef Buvik. Roshchakowsky hadde vært en rik mann. På sitt gods i Sør-Russland hadde han hatt 214 tjenere. Nå kom han til Espevær med familie pluss guvernante og tjenestepike. Senere reiste han tilbake til Russland, og siden har ingen hørt noe fra ham, så vidt jeg vet.
- Men hvordan lærte De tysk?
- Da jeg kom til Haugesund, fortsatte jeg å lære engelsk hos en venn som gikk på gymnaset, det ble tysk også, og dermed hadde jeg fått et grunnlag i hvert fall.
- Hvordan var arbeidstid og lønn da De begynte?
- Arbeidstiden var fra 8 om morgen til 7 om kvelden, unntatt om vinteren i fisketiden, da holdt vi på til 9 om kvelden. Lønnen var 70 kroner måneden pluss kost og losji, og det var bra betaling, syntes jeg. Jeg skulle jo lære. Men jeg ba jo snart om tillegg - og fikk det!

Drømmen blir virkelighet

- Og imens gikk De og drømte om egen butikk?
- Jeg gjorde jo det. Og i 1931 skjedde det. Da leide jeg lokale i Haraldsgata 137, der hvor baker Hansen er nå, til herreekviping og herreskotøy.
- Og arbeidsstokken?
- En ekspeditør foruten meg selv.
- Men det skulle vel kapital til for å starte noe den gang også?

- Jeg hadde spart opp 6000 kroner, og det klarte jeg meg med. Men selvsagt måtte jeg være forsiktig. Jeg bodde for eksempel i et værelse bak butikken.

Slag i slag

Etter et par års tid flyttet forretningen til Haraldsgata 145 der Hinderaker-Hansen er nå, og i 1935 fikk jeg større lokaler i dr. Nerviks hus i Haraldsgata 131. Fremdeles handlet jeg med herreekviping og skotøy, men forretningen var da vokst slik at den hadde 6-7 ansatte. I 1936 ble jeg imidlertid tilbuddt Freskomagasinet rett over gata, i nummer 32, der vårt firma er nå. Jeg tilbød Heine Rossebø kompaniskap, og sammen kjøpte vi Freskomagasinet, som var et eget aksjeselskap og fabrikkutsalg for Fresko i Fredrikstad. Senere måtte vi flytte lenger nord i Haraldsgata der Forbruken er nå, men i 1937 ble nummer 132 innkjøpt fra Sydnes' bo, med tanke på varehus med tiden. Det lå hele tiden latent et mål om å få egne lokaler til en større forretning.

Opptakten til varehuset

- Men det tok tid?
- Vel, vi startet først med en cash & carry-butikk på den delen av eiendommen som lå mot Strandgata. Butikken fikk navnet Bromagasinet.



Forretningsbygget "Byens Magasin" hadde en staselig fasade mot Strandgata.

Da krigen kom, forlangte tyskerne at butikkene skulle slås sammen, og Freskomagasinet ble da flyttet til 2. etasje, fremdeles mot Strandgata. Vi tenkte imidlertid allerede da på et helt nytt bygg. Arkitekten hadde planene klar og vi var kommet så langt at bygget var anmeldt til bygningsrådet. Men krigen kullkastet det hele, og derfor ble det ikke noe mer før etter krigen. Da tok vi fatt etter hvert, begynte med kjelleretasjen, og først i 1955 sto bygget ferdig. I mellomtiden hadde jeg imidlertid kjøpt naboeiendommen i Strandgata. I 1964 ble den revet, og i 1965 sto et nytt bygg ferdig. Derfor er hele huset dobbelt så bredt mot Strandgata som mot Haraldsgata.

- Og da alt sto ferdig, syntes De vel at De hadde fått plass nok for mangfoldige år framover.
- Ja, jeg trodde at det skulle holde lenge. Men i dag er det altfor trangt.


Rederiet

- Men, Krohn Brekke, De driver rederi også. Manufaktur og rederivirksomhet er vel egentlig en heller usedvanlig kombinasjon, bortsett fra i Haugesund der kombinasjonen synes å ha en viss tradisjon.

- Vel, det lå latent i meg det også. Egentlig har jeg vel alltid vært mer interessert i fartøyene enn i klær. Min far drev også med båter.

- Men hvordan begynte det for Deres vedkommende?

- Det hele startet da jeg sammen med min svoger Nils Larsen, Espevær, og Kyvik & Co kjøpte en franskbygget 300-tonner, "Solvøy", som vi sendte på Islands-fiske og i fraktfart. Det var i 1936. Etterpå ble det "Bas"



Snurpebåten "Hansobe" var en ombygd hvalfanger. Den ble både forlengt og påbygd flere ganger, og var en kjent båt på snurpefeltene.




Snurperen "Simba" ble ombyggt fra minesveiper til snurpebåt hos Ottesen i Sagråg i 1947. Den var registrert i Måloy, og hørte til storfiskerne på sildefisket i mange år, mye takket være basen om bord, den kjente Lars Olai Mogster fra Austevoll.

Reder var Thomas Brekke i Haugesund.



M/S "Bingo".



M/S "Simba" med full last.

sammen med Sverre Amlie og Knut Smedvig (Bas står for Brekke, Amlie og Smedvig). Den båten går forresten fremdeles. Og så fulgte snurperen "Kapp" (ex "Vikanes") sammen med Thoralf Eiken, Espenvær. "Kapp" ble tatt over til England under krigen, men vi fikk den igjen etterpå. Senere bygget Eiken og jeg ny båt, "Espenvær", en snurper det også. Og så fulgte en hvalbåt som ble bygget om til moderne snurper på Stord i 1947-48, og en jekt i Ølen, som ble bygget om til snurper og kalt "Joøy".

To minesveipere ble til tre

- Var det ikke noe med noen minesveipere også?
- Etter krigen kjøpte vi tre minesveipere fra England. Den ene ble bygget om til snurperen "Simba". Den ble disponert av min bror, med skipper og bas som interessenter. Bas var forresten den kjente Lars Olai Møgster. Den andre minesveiperen solgte vi videre til Stadthelle-ruta mellom Brevik og Langesund, og av den tredje beholdt vi bare motoren, som ble satt in i "Hansobe", mens skroget ble solgt videre. Men egentlig skulle vi bare kjøpe to minesveipere. Den ene skulle slepe den andre over Nordsjøen. Men så røk det opp til storm, og slepet brakk, og den ene minesveiperen som ikke kunne gå for egen

maskin, drev av og forsvant. Vi dro da til England og kjøpte en til i stedet. Senere kom imidlertid den forsvunne sveiperen til rette. Den var drevet inn mot minefeltene i Holland. Derfra fikk vi den tilbake. Og dermed hadde vi tre.

Fra fiske til fraktfart

- Det startet altså med fiskebåter?
- Vi drev allslags fiske. Islandsfiske, snurpefiske og linefiske på Grønland i noen år. Vi hadde forresten notbarkeri også. Men da man gikk over fra nötter av bomull til nylon, og det krevde helårs og full innsats, sluttet vi. Det passet oss ikke å drive bare fiske. Og etter hvert ble båtene solgt.
- Men det ble ikke slutt på rederivirksomheten likevel?
- Nei. I 1949 ble jeg tilbudt et rederi, riktig nok uten båt, og slo til. Sammen med en mekler i Haugesund hadde vi først en finsk båt, "Jan" på timecharter, men i 1950 gikk jeg sammen med skipsreder Torlak Skogland og eksportør Sigurd Haavik om en 6.000-tonner som het "Danio" og eides av skipsreder Schelbred Knudsen i Kristiansand. "Danio" fikk navnet "Canasta". Båten hadde bare noen få måneder igjen av sitt timecharter, og vi

fornyet det ikke. Heldigvis. Vi tok sjansen på løsfart, og det slo fantastisk til, og vi tjente godt på det. Men penger måtte jo brukes til ny tonnasje, og straks etter overtok vi en kontrakt på en tankbåt ved Fredrikstad Mek. Verksted. Den fikk navnet "Casino". "Casino" gikk i den såkalte solvans-farten, det vil si at den fraktet alle slags biprodukter av olje, som for eksempel paraexylene som brukes til strykefrie skjorter (ja, hva annet når det gjelder en mann som Krohn Brekke) og tolyene som brukes til dynamitt. Det var harde laster som tørret sterkt på skipet, og vi ble lei av denne traden. Men vi lærte en masse!

Fra enkeltbåt til skippinggruppe

"Casino" ble solgt i 1960. Da kjøpte Krohn Brekke sammen med Arne Østensjø og Kyvik skipet "Vilja" av Ditlef Simonsen, Oslo. Den fikk navnet "Bingo" og seilte for disse til 1969. I fjor ble "Byklefjell" innkjøpt og fikk navnet "Curling" som går i løsfart. Dette skipet har Krohn Brekke sammen med utenbys interesser. Det er forresten sonen, Hans, som nå har overtatt rederivirksomheten, som for øvrig er blitt langt mer omfattende enn de skipene som her er nevnt. For firmaet er gått inn i et kommandittselskap i Bergen, Billabong, som igjen er

gått inn i Star Shipping Group, som satser på spesialbulkskip og i dag disponerer ca. 30 skip.

- Hvorfor har De bruktt navn som "Canasta", "Casino", "Bingo" og "Curling" på Deres båter?
- Det er navn på forskjellige spill, ikke sant? Og spill er det jo, det hele.
- Har det vært interessante år?
- Det har vært både morsomt og interessant. Og når det har gått såpass bra som det har gjort, skyldes det først og fremst at jeg alltid har vært heldig med gode, interesserte og innsatsvillige medarbeidere. Samarbeidet har alltid vært enestående, ja, jeg kan faktisk ikke få rost dem nok.

Sier Halfdan Krohn Brekke. Men da bør det også i all rettferdighetens navn også sies noe om ham selv. En kraft med et fast mål og med sterke personlige egenskaper som for eksempel sikker vurdering, evne til lett omgang med andre mennesker og et velsignet humør. Jeg synes en tilfeldig replikk som falt forleden fra en gammel haugesunder er så karakteristisk: "Han Krohn er akkurat som han har vært i alle dager - hjertegod og liketil med alle mennesker".

Bas.



"Krohn Trader" var et vakker linjeskip på 9300 t.dw., og ble det siste skipet i Krohn Brekkess rederi.

Alle foto fra Tor Brekke.

Kåso-namnet – kor kjem det frå?

Av Nils Henning Vespestad

«Eg stikk berre ein tur ned til Kåso», seier du som den mest naturlege ting i verda. Men kor kjem namnet frå? Rusk og rask? Eller kanskje Danmark?

Kåso er namnet på det ein må kunna kalla sentrum på søre Bømlo. Men i motsetnad til gardsnamn som Hovland, Vespestad og Hillestveit, er Kåso eit høgst uoffisielt namn. Du finn det ikkje nedskrive på kartet, og i bygdeboka frå 1972 er Kåso knapt nok nemnt. Samstundes tar forfattar Kari Shetelig Hovland for seg ei lang rekke mindre brukte stadnamn som Fuglatovo, Jurhilleren og Spongelemyro, namn som vil vera ukjente for den oppveksande slekt i dag.

Dette er eit forsøk på å finna ut kor Kåso-namnet kjem frå, eller iallfall å komma eit steg nærare fasiten. Og for å ta skrivemåten først som sist: Mange lesarar vil hevda at namnet skal skrivast Kåså, som minner meir om uttalen som vert nytta på søre Bømlo. I denne artikkelen vil ein likevel nytta Kåso, som er den skrivemåten Kari Shetelig Hovland nytta, og den som gjev flest treff på søkjemotoren Google på Internett. Det skal her nemnast at bygdebokforfattaren konsekvent nytta o-endingar i stadnamn der ein på søre Bømlo gjerne vil nytta å-endingar. O-endingane er noko ein først og fremst assosierer med uttalen på gardane rundt kommunenesenteret Svortland.

Dette er Kåso

Kåso er namnet på den innarste botnen av Langevåg. Kor stort område som kan dekkast av namnet, vil vera avhengig av kven du spør. Dei fleste vil likevel vera samde om at passarspissen kan plasserast i riksvegen i svingen, og at den tidlegare samlingsstaden føre den eldste delen av Eidesvik-bygget, er midtpunktet i Kåso. Det såkalla «Olsahuset» og Langevåg Bygdatun ligg også i Kåso, men deretter vil det vere litt usemje om kor langt Kåso-området strekkjer seg mot Vold, Vespestad, Eidesdal og oppover mot Skitnardalen – sistnemnte for øvrig nok eit uoffisielt namn i bygda.



Kåso-området har litt utflytande grenser, men dei aller fleste vil vera samde om at dette er sentrum i Kåso i dag – sett frå Storkhang. Til venstre «Olsahuset» og den innerste delen av Langevåg. I midten Eidesvik-bygget, der det tidlegare var daglegnærarbutikk i første etasje. Til høyre utsyn ut Eidesdalen.
(Panoramafoto: Nils Henning Vespestad).

Det er på det reine at Kåso er ein del av garden Eide, som ifølge bygdeboka var midtpunktet i bygda frå gammalt av. «Landet kring Langevåg høyrd i eldre jernalder til ein udelte storgard med midtstaden på Eide», heiter det mellom anna. I yngre jernalder vart denne storgarden delt opp i fleire gardar som Hovland, Vold, Vespestad, Hillestveit, Vorland – samt det ein kan kalle «nye» Eide.

I bygdeboka er Kåso nemnd i omtalen av «Olsahuset», eller Solstrand, som eigedommen eigentleg heiter: I 1923 kjøpte Nils Olson grunn like ved «Gabrielsnaustet» av Gabriel Eide. Her bygde han «det store handelshuset i Kåso, og greidde å berga handelen gjennom dei dårlege tidene i 20-åra», slik det står i bygdeboka. Sidan tok sonen Tønnes over handelen. I moderne tid har huset lenge vore eige og restaurert av Bømlo tur- og sogelag, men er no igjen i privat eige.

I bygdeboka heiter det elles at Bernt Arne Eidesvik med fleire mange år seinare kjøpte «innste botnen av Langevåg, pøylo på vestsida av riksvegen» av Bømlo kommune. Tidleg på 1970-talet bygde ein her Langevåg Senter, som husa daglegvarebutikk og ulike verksemder. Det å gå til Kåso for å handla, var i mange år på 1970- og 80-talet synonymt med å «gå på Senteret». Dette er i dag den allereie omtala, eldste delen av Eidesvik-bygget innerst i Langevåg. I mange år har det vore mogeleg å følgje dagleglivet i Kåso og Langevåg via Internett, gjennom eit webkamera montert på bygget.

Ein ikkje-eksisterande stad?

Eit nettsøk på «Kåso» i august 2015 gir rundt 900 treff på Google, «Kåså» gir vel 700. Det er ikkje undersøkt om alle desse treffa faktisk handlar om



Kåso sett frå sjøsida sommaren 2015. «Olsahuset» til høgre, Langevåg Bygdatun til venstre. (Foto: Nils Henning Vespestad).



Kåso sett frå Storhaug i 1907. Som ein ser, går regen på lag den samme stad i dag. Det kvite huset er skulehuset. Biletet vart også publisert i Leidarsteidn i 2006. (Foto utlånt av Per Arne Lønning).

sentrum på søre Bømlo, men funna viser at begge skrivemåtane er i bruk. Både Bømlo kommune og Statens vegvesen nyttar skrivemåten Kåso i høgst offisielle dokument du kan finna på nettet – sjølv om dette altså er eit namn som offisielt ikkje finnes.

«Me har ikkje registrert noko namn som byrjar på Kos- eller Kås- i Bømlo kommune», stadfestar Erlend Trones, med tittelen namneansvarleg region vest i Statens kartverk. Han tykkjer det er rart at eit såpass mykje brukt namn ikkje er registrert i Sentralt



Flyfoto av Langeråg 8. juli 1955. «Olsahuset» heilt nede til venstre. (Foto fra Telemark Flyselskap AS ved Johan Ottesen historiske fotoarkiv og forlag).

stadnamnregister (SSR), men ser ikkje bort frå at det kan bli eit formelt namn etter kvart. «Du kan koma med framlegg om at det vert lagt inn i SSR, så legg me det inn som foreslegen skrivemåte, og tek med namnet neste gong me reiser namnesak på Bømlo», oppmodar han.

Offisielt eller ikkje, kva kjem så Kåso-namnet av? Det eksisterer fleire teoriar, og her er ein kort gjennomgang av dei som utmerkar seg:

Teori 1: Rydningsplass

Me finn ingen forklaring på namnet Kåso eller Kåså på Internett. Men fleire stader kan ein lesa at det nesten like namnet Kåsa er eit vanleg namn på ein rydningsplass. Ifolge NAF Veibok heiter det Kåsa seks stader i Hedmark, Telemark og Trøndelag, mens Store Norske leksikon også nemner ein fjord i Nordland med dette namnet. Kåsa kjem av det gammalnorske ordet Kos, som betyr dynger eller haugar av tregreiner etter rydding, ifolge nettsida gamlegjerpen.no

Vår mann i Statens kartverk, Erlend Trones, fortel at Kös tyder skogrusk eller vedrusk, til dømes tørre greiner, kvister, flis, borkebetar eller liknande, som ein set fyr på. På nettsida historieboka.no er ordet beskrive slik: «En dynge av kvist og bar av felte trær (som brennes til aske for at jorda skal gjødsles av det)». Dei fleste kjenner til ordet bråtebrann, men i Buskerud kallar ein det gjerne kossebrann når ein brenn kvist og hageavfall. Ordet går igjen i gardsnamn som Køse og Køsin. Nokre stader på Austlandet seier ein at ein brenn kasa.

Det er i denne tydinga kös vanlegvis er nyttta i stadman her i landet, ifølge Trones. «Det ser ut til at ordet går inn i ei gruppe med ord som rimar med kvarandre og har liknande tydingar, sjølv om dei tilsvynelatande er ubeslektta: bös, dös, trös og kös. Skogadös seier me i Hardanger om slikt rusk. Det er såleis eigentleg rettast å skriva ordet med o, for det er snakk om ein open o-lyd, ikkje å. Men uttalen fell saman, så det er likevel vanleg å skriva til dømes Kåsa i stadnamn», konstaterer Trones.

Mange nordmenn har namn som skriv seg frå slike gardar eller stader. Ifølge Statistisk sentralbyrå er det per hausten 2015 totalt 417 personar i Norge som heiter Kåsa til etternamn. Meir enn dobbelt så mange heiter Kaasa – totalt 882 personar.

Blant desse er den tidlegare fotballspelaren Kjell Roar Kaasa frå Telemark – for øvrig toppscorar i eliteserien for menn i 1992.

Sjølv om ein altså ikkje finn nokon offisielle Kås- eller Kös-namn i Bømlo, har me Kosa fleire stader i Hordaland – mellom anna i Meland, Øygarden og Sund. Alle stadane vert o-ein uttala ø, altså Køsa, ifølge eit brev frå stadnamntenesta i Språkrådet til Austevoll kommune tidlegare i år. Brevet var skrive i høve arbeidet med å gje alle i kommunen ei korrekt adresse: I Austevoll finnes det ein stad som er oppført med oppslagsforma Køsene i Universitetet i Bergen si samling med stadnamn frå Austevoll. Her er lokalitetsopplysningane for øvrig «haugar i utmark». I brevet tilrådde ein at kommunen nyttja Kosene som skrivemåte på staden. Stadnamnkonsulent Kjell Erik Steinbru opplyser at dei tre namna i Nordhordland ser ut til å vere knytt til små/tronge viker. Når det gjeld namnet i Austevoll, med fleirtalsending, ser han ikkje bort frå at dette er knyta til søkk eller smådalar mellom dei aktuelle haugane, som til sjølve haugane.

Teori 2: Dansk hamn

Ein langt meir spennande teori, vil nokon hevda, er at Kåso-namnet kjem frå dansk. Det er uklart kor denne teorien har sitt utspring, men den seier iallfall at Kåso kjem av ordet kås eller kaas. Det er eit gammalt, dansk ord som betyr primitiv båthamn. Ifølge den danske versjonen av det brukarstyrte nettleksikonet Wikipedia, finnes eller fantes det ei rekkje «kåse» langs kysten i Danmark. Desse er, eller var, for det meste bygd opp av stein i moloform.

Fleire stader i Danmark har namn som truleg stammar frå ordet kås eller kaas. Den eine småbyen finn ein i Jammerbugt kommune nord på Jylland, ikkje så langt frå turiststaden Løkken og Fårup Sommerland. Kaas, som staden heiter på vegskilta, skal ha røter tilbake til vikingtida. Staden er første gong nemnt på eit kart frå 1600-talet, då skriven Kaaesz. Ironisk nok ligg Kaas eit stykke inne i landet.



Stadnamnet Kåsa finnes ei rekkje stader i landet, som i Tolga i Hedmark. (Foto: Randi Undseth, Østlendingen).



Ein finn også Kåsa i Hjartdal i Telemark. Kåsa Hyttepark har skilta arkjøring frå E 134. (Foto: Nils Henning Vespestad).



Nordvest på Jylland i Danmark, ikkje så langt frå Fårup Sommerland, finn ein staden Kaas. (Foto: Nils Henning Vespestad).

Ein finn også Kås på austkysten av Bornholm. Dette er ein så liten stad at den ikkje er skilta. I tillegg er det to stadnamn på Bornholm som sluttar med -kås, stadfestar presseansvarleg Helle Mogensen hos Destinasjon Bornholm: Sandkås og Teglkås. Dei tre stadnamna har ikkje noko med kvarandre å gjera, fortel ho. «Og ja, kås betyr hamn eller båthamn», seier Mogensen.

På Samsø finn me nok ein gong stadnamnet Kås: Heilt i sør ligg tettstaden Kolby Kås, der det tidlegare var ferjekai. Her er det også ei privat driven småbåthamn. Kås lever opp til namnet sitt, altså.



*Nokre trur at Kåso-namnet kjem frå Danmark. På Bornholm finn ein fleire stader med «-kås» i namnet.
(Foto: Destinasjon Bornholm).*



*I Sverige kallar ein desse koppene for kåsa (i eintal).
Kåso-namnet kjem nok ikkje av dette ordet.
(Foto: Nils Henning Vespestad).*

Korleis har så eit gammalt, dansk ord gitt namn til sentrum på søre Bømlo, om ein så skulle ha mest tru på denne teorien? Bygdeboka fortel ingenting om at danske innvandrarar har slått seg ned og blitt så viktige personar i nærområdet at dei har sett spor etter seg på ein slik måte. Samstundes er det ikkje uråd å sjå for seg Kåso som ein stad der ein kunne dra opp båten i gammal tid – då ein nytta dansk som skriftspråk i Norge.

Teori 3: Kjosen

Ein annan teori er at Kåso-namnet kjem av ordet kjos, som i bunden form er kjosen. Språkrådet og Universitetet i Oslo forklarar i Nynorskordboka på nett ordet kjos med vik (ein mindre, og ofte trong, innskjerding i strandlinja) eller våg (ein smalt sjöstykke som skjer inn i landet).

Ein finn stadnamnet Kjosen fleire stader i landet, mellom anna i Drangedal i Telemark. På Wikipedia vert namnet på denne grenda forklart med «smal dal, søkk i lendet». Vidare heiter det at Kjosen i usamansett form vitnar om ein tidleg busetnad. Lokalt kjenner me til mellom anna Olakjosen og Hollundskjosen rundt kommunenesenteret.

Nokon vil hevda at dette er den korrekte forklaringa på namnet Kåso, ikkje minst når ein ser dei ulike forklaringane av ordet ovanfor. Det er mellom anna på det reine at det har budd folk i dette området i ti tusenvis av år. Andre vil derimot reagera på forma på ordet: o- eller å-ending kontra en-ending tyder på ord av ulikt kjønn.

Andre tydingar

Namnet Kåso kan minna om fleire ord, og her har dei tilsette ved Bømlo folkebibliotek vore til god hjelp: Lokalt sa ein etter gammalt av at ein skulle kåsa teiner, noko som ville seie å føra teinene ut på grunt og roleg vatn. Kjelde er «Ei lita lokal ordliste» av Bernhard Selle, utgjeven av Bømlo kulturkontor i 1994. Ordet kås er dessutan nemnd i boka «Stadnamn fortel historie. Om namngjeving, namnebruk og opplysningsar i stadnamn» av Inge Særheim, som vart utgjeven av Universitetsforlaget i 1985. Her vert ordet forklart med «djup, trong stad». Kåsen er forklart med «lita fordjuping i bakken». På Fron Historielag sine nettsider finn ein vidare ei forklaring av ordet kåså:

Dette tyder å kosa, velje, peike ut eller utnemne. Til dømes om å kåså ut eit nytt kongsemne.

Det hører med at Danmark ikkje er det einaste grannelandet som har eit ord som kan minna om Kåso: I Sverige finn me ordet kåsa, som er namnet på turkoppar ein gjerne har med seg ut i naturen som speidar, jeger eller vandrar. Koppen er tradisjonelt laga av tre, men kan også vera laga av plast. Den kan også komma i ulik storleik – lillkåsa og storkåsa. I gammal tid heitte koppen kausa, eit ord som framleis vert nytta i einskilte svenske dialektar. På nokon dialekter kallar ein koppen for kosa.

Kva trur så folk?

I arbeidet med denne artikkelen er ei rekke godt vaksne personar på Bømlo kontakta. Ingen har vore i stand til å forklara kva Kåso-namnet kjem av. «Kåso har alltid vore Kåso», seier ei eldre kvinne. «Nei, det har eg aldri tenkt over», svarar ein eldre mann på spørsmålet. «For å sei det sånn: Det var eit godt spørsmål», slår ei kvinne fast.

Fleire sender stafettpinnen vidare til nye personar, men heller ikkje her har det vore mogleg å få svar. Ting tyder altså på at dei som eventuelt måtte ha visst svaret, har tatt løysinga med seg i grava. Men skulle du sitja med fasiten, som ein av dei siste, vil redaksjonen i Leidarsteidn gjerne høyra frå deg!



Indre del av Langevåg i 1966. Kåso til venstre i biletet. (Foto frå Telemark Flyselskap AS ved Johan Ottesen historiske fotoarkiv og forlag).



Parti frå Langevåg mot Kåso cirka 1936.



Kåso rundt 1960. I framgrunnen ser me Rakel Nygård (Trondheim) og Gunnhild Vika. (Foto: Bjarne Nygård).

Utbygging av hamn ved Holmesjøen

Av Bernt Emil Vika

Artikkelen er skriven i samarbeid med Bjarne Sørenes, Holme.

Noreg er eit relativt lite land, men er likevel eit av landa i verda som har lengst kystline. Dei fleste som bur her i landet bur ved kysten, og svært mange har eit nært forhold til båt og sjø, enten i yrkessamanheng eller som fritidsaktivitet.

Den første delen av landet som vart isfritt etter den store istida var kysten, og steinalderfolk frå Sentral-Europa slo seg ned på den smale kyststripa for å skapa seg eit livsgrunnlag der. Isen hadde forma landet slik at fjordar, vågar og viker mange stader gav naturleg ly for vind og ver og var på den måten attraktive bustader for steinalderfolket. Små og lette båtar var ein viktig del av tilværet for desse folka, og ei skjerma strand eller eit høveleg svaberg var naturlege stader å dra båtane i land når dei ikkje var i bruk.

Utviklinga av steinalderfolket sine farkostar gjekk sein, og i tusenvis av år var det liten endring å spora. Behovet for eit sterkare vern rundt båtane var heller ikkje til stades før ein såg store endringar i både konstruksjon og størrelse på båtane. Opp gjennom jernalderen fekk ein reiskapar som sette folk i stand til å byggja båtar med heilt andre eigenskapar enn det ein hadde sett tidlegare. Langskipa til vikingane vart havgåande, og med dei kunne ein dra over heile Europa, til Island og heilt til det amerikanske kontinentet.

I mellomalderen utvikla handelen seg mellom land i Europa. Hanseatane dreiv handel med mange land rundt Nordsjøen og Austersjøen. Det tyske kontor i Bergen handla for det meste med tørrfisk, korn og salt. Men andre nasjonar kom òg til Noreg for å handla. Hollenderane kom med store seglfartøy til mange stader langs kysten for m.a. å kjøpa tømmer og hummar.

Behovet for trygge hamner vart stadig større, og i kongelige forordning av 17. september 1735

vart det bestemt at det skulle oppretta lokale hamnekommisjonar til å føre kontroll med hamnene i norske byar og ladestader. Fleire andre forordningar og lover kom seinare. Den 8. juni 1984 overtok kommunane mykje av staten sitt ansvar for hamnene.

Utetter 18- og 1900-talet fekk Noreg ein stadig større handels- og fiskeflåte. Byar og tettstader langs kysten hadde då fått bygt ein del kaiar og hammeanlegg. Men for småplassar ute i distrikta var det verre. Dei hamnene ein hadde her var ofte därleg skjerma og mange var altfor grunne til å kunna ta imot større båtar. Havnevesenet la då planar for bygging av moloar og for å gjennomføra mudring i mange små hamner. I vårt område vart det m.a. utbygging i Espevær, Vika, Løklingholmen og Holme.

På Holme hadde hamna opp gjennom tida dels vore skjerma av holmen Bømlungen. Frå sør var det eit ope sund inn til hamna, og frå nord kunne ein koma inn gjennom to sund, eitt lite og eitt litt større på kvar side av skjæret Bleikja. Lendinga var ei strand der det var relativt lett å dra båtane opp. Nausta var (og er framleis) solid bygde, mange av dei med tjukke veggar av stein. Men hamna var ikkje spesielt god, og ein kunne aldri vera heilt trygg for båtane som låg der. Noko måtte gjerast, og tidleg på 1930-talet var planane for utbetring klare.

Utbygginga av hamna på Holme kom i gang i 1934. Då sende Havnevesenet ein mann med namnet Eilertsen frå Lista til Holme for å byggja ein molo i sundet mot sør. Han fekk med seg fleire menn frå lokalsamfunnet og organiserte eit arbeidslag til å utføra arbeidet. Men mennene hadde liten erfaring med den slags arbeid, og for den erfarne mannen frå Havnevesenet gjekk dei under tilnamnet "unemingar". Eilertsen hadde kost og losji hos Peder Kristensen Holme (Kristen-Peren) i tida han arbeidde med moloen. For å få tak i nok stein skaut dei salver i berget på austsida. Hol for dynamitten



Fra Holmesjøen i 1952. Båten i biletet er skøyta "Marta". Moloen i sør i bakgrunnen. (Foto fra Bjarne Sørenes)



Havnearbeidarar på Holme i 1936. Kokka til Venstre. Mannen til venstre bak er Amund Vika. (Foto fra Bjarne Sørenes)



Nausrmiljo ved Holmesjøen i våre dagar. (Foto: Lauritz Eide).

måtte dei bora for hand med minebor og feisel, men Eilertsen klaga heile tida over at ”unemingane” heller ikkje kunne dette. Med hjelp av såkalla steinbukkar, spett og slegge greidde dei å lirka blokkene på plass. Moloen vart sterk og har seinare fungert som solid bølgebrytar utan å ta skade av noko slag. Til samanlikning kan ein nemna at moloen som vart bygd i Lyklingholmen under krigen braut saman i ein orkan i 1952 og er etter den tid aldri bygd opp att.

To år etter at moloen ved Holmesjøen var klar, nærmere bestemt våren 1936, sette ein i gang med resten av utbyggingsarbeidet. Veret våren og sommaren 1936 var fint, og dette gjorde sjølv sagt arbeidet lettare. Mellom Bleikja og Bømlungen vart det sett opp nokre stokkar i sjøen, ein slags provisorisk kai der føringssåtar kunne leggja til. Det vert sagt at den første båten kom ein søndag, og lossing av utstyr kunne starta. Det var mykje som skulle til før ein kunne setja i gang arbeidet med hamna; reiskapar, cement, sand, dynamitt, steinbukkar, pumper, røyr, forskalingsmaterial osb. Her vart det arbeid for lokalbefolkninga, og mennene frå gardane rundt stilte gladeleg opp for ei timeløn på 40 øre.

Arbeidarane elles var folk tilsette i Havnevesenet. Dei budde i private heimar på Holme, men hadde eiga kokke til å laga mat. Løna deira var 80 øre timen.

Oppgåva til nokre av arbeidarane dei første vekene var å rigga opp utstyr. Ei smie vart sett opp, og ein kran med steam-maskin skulle på plass for å ta seg av diverse tungarbeid og for å driva minebor. Andre sette i gang med å tetta innløpet mellom Bleikja og Bømlungen. Ein kraftig betongmur, ”Svartamoljå”, vart sett opp her for å ta av for bølgjene.

Så starta arbeidet med å laga til demninga både i nord og sør. Det var viktig å gjera desse så tette som mogeleg. Kvar demning vart forma som ein bue for betre å stå imot trykket frå sjøen på utsida. Sjøen innanfor demningane kunne no pumpast ut. Dette må ha tatt lang tid etter som hamna var stor og det var mange m³ som skulle fjernast. Når så all sjøen var borte og botnen låg tørr, kunne ein setja i gang med mudringsarbeidet.

På botnen viste det seg å vera mykje kompakt leire, så denne sleit dei mykje med å få opp. Dei forsøkte å bora vertikale hol på vanleg måte og sprengja med dynamitt som om det var fjell. Dette var ikkje vellukka. Leira slo ikkje sprekker slik fjell gjer. Dei prøvde difor med røyr som dei pressa horisontalt bortetter eit stykke nede i leira. Når dei lada røyret og sprengde på denne måten, fekk dei laus meir leire. Røyrane vart sjølv sagt øydelagde under sprenginga og vart hivne opp på land. Delar av dei vart liggjande att i området til lenge etter at anlegget var ferdig.

Til å transportera massane bort frå hamna nyttta dei vagger på jernbanespor. Den store kranen drog vaggene. Mesteparten av massen vart kjørt ut til Bømlungen og tippa der. Slagghaugane ligg der den dag i dag og er overgrodd med lyng, brake og gras.

Innanfor "Svartamolja" jamna dei ut eit område som enda opp i ein natursteinsmur inn mot hamna.

Då mudringa var unnagjort, stod det att å mura rundt store delar av hamna. Her vart det brukt både naturstein og betong. Ei fin betongtrapp vart laga til

i muren mot nord-aust. Denne gjorde det enklare å stige i land og om bord i småbåtar. Sommaren 1937 var heile hamna ferdig. Ho hadde no vorte ei svært tenleg hamn for folket på Holme. Ikkje berre færinger, men òg små skøyter som "Forsøk" og "Nor" flaut no inn.

Prisen på anlegget frå 1936-37 vart kr. 70.443,13. I tillegg kom ein del etterarbeid i 1939-1940. Prisen på dette var kr. 5.448,42. Totalt vart altså prisen på utbygginga av hamna på Holme kr. 75.891,55.

Havnevesenet sine bilete frå annleggsperioden

Under arbeidet ved Holmesjøen dokumenterte Havnevesenet framgangen i arbeidet ved å ta biletet.

Desse er no i museet på Kanalen si eige. Redaksjonen i Leidarsteidn fekk låna biletata av Tolleiv Hidle til bruk i denne artikkelen. Dette er vi svært takksame for. Nedanfor fylgjer ein del av biletata som Havnevesenet tok.



Tidleg i annleggsfasen. Ein føringsbåt ligg ved Bleikja og losser utstyr.



Biletet er frå sommaren 1936 og viser "Svartamolja" og demningen i nord samt skinnegangane for vaggene.



Då sjøen var pumpa ut av hamna, kunne arbeidarane arbeida på "tørt land".



Ute og ser på anlegget ein sommardag i 1937.

F.v.: Aksel Vere, Olaf Stelander, Daniel Holme, Engel Holme, Joakim Barane, Rasmus Holme, Amund Vika.

Sommaren 1937.



Skøyta "Forsøk" ein stille dag i hanma ved Holme sommaren 1937.

Tilbakeblikk

Av Edvin Kallevåg

Eg var så heldig å stundom ha fotoapparatet med meg på fiske. Skal berre ta med litt av det eg fekk vera med på når det gjeld Simon Eidesvik & co. Var med på brislingfiske der me også hamna inne i Hardangerfjorden.

Spesielt hugsar eg me var i Eidfjord og tok ein tur opp i Kjeåsen. Det vart litt av ein luftetur, 530 meter rett opp fjellsida. Det var ikkje veg den gongen, så her gjaldt det å ha hovudet klart og tunga beint i munnen. Det vart ein balansekonst av dei sjeldne langs svaberg med innlagde boltar og noko å trø på i dei verste stadene langs bråtlaget. Andre stader var det noko betre å gå. Forutan mannskapet, var også Simon Røyksund og to av sönene hans med. Då me endelig kom opp på Kjeåsen, vart me bydt på sur mjølk og fekk sjå oss om i tunet både ute og inne.

Då me så var ferdig og tok farvel med dei modige kvinnfolka som budde der oppe, bar det ned att. Simon Røyksund gjekk strak i ryggen som ein general, medan namnebroren delvis kraup. Det vart av den grunn litt skjemting mellom desse to. Kunne, men skal ikkje nemna noko av det som vart sagt. Men med "Mattiassen" som hadde drukke to kruser surmjølk gjekk det like fint som oss andre. Me kom oss altså velberga ned att og var einige om at det hadde vore ein framifrå fin luftetur.

Me var også turar på land i Ulvik og mange andre stader. Når veret var fint, deltok me i båt og i badeliv.

Eg har mange gode minne frå den tida eg fekk vera med Simon på brislingfisket. Spesielt vart eg kry når Simon kom til meg bak styrehuset og skrytta veldig kor fint eg hadde halde primusane blanke og panner og skuta rein. Det var nemleg eg som i all enkelheit kokte og gjorde reint ombord. Det smitta over på Toren som let det skina i maskinrommet. Det har aldri vore slik før skrytta Simon. Og eg saug det til meg og vaks der eg stod. Eg tenkte vel at dette skulle alle ha høyrt. Det tok altså mellom seksti og sytti år før det no skjedde.

Rart å tenkja på at alle av dei eg var med den gongen nå er borte. Simon, Mathiasen, Toren, Johan, Lauritz, Alfred, Kåre, Andreas, Anton, Magnus, Leifen, Thommasen. Dette var på brislingfiske. På snurpefiske er det ennå fleire. Så skal vesle meg få leva og skriva ned noko av det eg minnast frå den tida.

Men eg fekk som nemnt også vera med Simon på snurpefiske. Veit ikkje om eg har bilete frå då eg var med "Bømmeløy". Eit år var me langt frå land og lasta "Bømmeløy" opp til randen. Simon meinte me kunne ta ein hov til. Og slik blei det. Men då sa skipperen Mathias Pedersen "Ikkje ein hov til". Det var fint vær og med Guds hjelp kom me oss til lands den gongen også.

Så har eg fleire bilete frå det året eg var med "Bømmelfjord". Tar berre nokre få med her av dei eg tok av andre og som andre tok av meg. Hugsar eg var i lag med Johan Pedersen (bestmannen) og "laga til" som det heite. Då fortalte han at det var ein Jens Eldøy som skulle vera skipper. Eg spurde på skjemt om Eldøyen var sint. Trur ikkje at eg fekk noko skikkelig svar på det.

Seinare i sesongen då me la til ein kai, då var det at bestmannen vart sint på skipperen då sistnemnde gav ein ordre om korleis han ville ha båten fortøydd.

Det er ikkje noko nytt at fiskarar i visse høve tenner på alle pluggane. Kven av oss har ikkje sagt ting i sinne som me angra på etterpå? Difor er det mi oppgåva å gløyma det vonde som har vore sagt og finna fram til det me alle innerst inne ynskjer å ta vare på, nemleg fred og forsoning.

Eg likte Eldøyen godt. Han lærte meg å styra. Skulle ein litt babord eller styrbord så nytta det ikkje å knagga med rattet. Det vart berre ein fiasko. Nei det var å ta tre raske tørn på rattet til båten kom på rett kurs. Så var det tre like raske tørn tilbake. Då gjekk "Bømmelfjord" som på eit strek. Når ein kunne det trikset var båten god å styra.

Ein gong eg og Arthur hadde vore i land og henta posten, kom Eldøyen til oss med ein peng som takk for velgjort arbeid.

Ein annan gong hugsa eg at me stod inne i messa og vermdes oss. Då skulle sjefane ha seg mat. Då hugsa eg at skipperen hyfsa litt på seg og sa at me måtte lukka døra. Då byrja maskinisten å le på sin karakteristiske måte. "Hi hi hi hi". Det gode humøret og gladlatteren smitta vel over på oss også. Og det heile gjekk fint for seg.

Det var slik at Simon var bas på "Bømmelfjord" og Lauritz var bas på "Bømmeløy" i 1954. Me var fire "Kalavågsgutar" som var på snurping det året. Arthur Vestvik, Alfred Kallevåg og underteikna var med Simon, medan Erling Strand var med Lauritz. Hugsar eg rett så hadde me på "Bømmelfjord" ca. 5000 kr. i lut, medan dei på "Bømmeløy" hadde ca. 12000 kr. på lut. Skal eg vera heilt ærlig, så var eg vel litt avundsjuk. Men det må du for all del ikkje fortelja til nokon.

I den tida eg var med på fiske, måtte me greia oss med to doryar med halva nota i kvar dory og kasta i ring rundt sildestimen på ordre frå basen som var i lettbåten i lag med "lettbåtsroaren". Me hadde ikkje kraftblokk og kraftige sildepumper i den tida. Likevel var me takksame for å få lov å vera med sjølv om me såg fram til at strevet var over.

Eg vil med dette få takka alle dåke i Vikjå som i så mange år har hatt eit slikt pågangsmot, vilje, og evne til å skapa så mange arbeidsplassar både på sjø og land til stor velsigning for folket både i og utafor bygda.

Så vil eg heilt til slutt fortelja om ei gladhending, om den gangen eg truleg berga livet til Simon Eidesvik (gamle Simon i Vikjå).



Frå fiskefeltet.



Edvin Kallevåg og Alfred Kallevåg på MS "Bømmelfjord".

Som nokre kanskje veit var eg mykje og jobba som snikker hos Simon Eidesvik. Var mykje i lag med Arthur Vestvik. Me arbeidde mellom anna på nothengja og sette den i stand. Eg var også i lag med Kåre Hellesund. Men lenge var eg heilt åleine. Jens Bauge arbeidde også med sitt som platearbeidar.

Ein gong sat me saman og hadde oss matpause på verkstaden. Me visste at Simon bala med førefallande ting som han utretta når me var inne og hadde oss mat. Med eitt hørde eg at Simon ropte, og det var angst i røysta. Eg skjøna med ein gong at noko var gale og sprang ut så fort eg kunne for å sjå etter. Då ser eg at den store og tunge trestigen han hadde stått i hadde gleina til sides mens han i forbifarten for å



Edvin Kallevåg og Thomas Vestvik på M/S ‘Bømmelfjord’.



Opptak av sild.

berga seg tok tak i gangvegen og vart hengjande etter berre nevane mens stigen for vidare og stoppa sidelengs i notadongjen like ved.

”No greier eg ikkje meir” ropa han med angst i røysta. Eg ropte tilbake at han måtte halda seg fast så skulle eg snart koma. Eg såg med ein gong at skulle eg berga han i tide, måtte stigen berre stå slik han stod. Eg rasa oppover til eg kom opp i omlag i høgd med knea hans. Medan eg såg til å stå støtt med føtene og haldt meg fast med venstre handa i eit trinn, strakte eg meg så langt eg kunne og fekk tak i føtene hans og drog dei til meg med høgre handa og sa at no måtte

han strekkja ned armane sine. Det gjorde han slik at eg fekk han på aksla mi. No kan du sleppa deg sa eg, og det gjorde han, om enn noko motvillig.

Han var vel også redd for at me kunne hamna nede i sementkaia. Me var begge glade då eg i siste skund fekk svinga han inn til stigen. Då sa Simon fire ord: ”Takk skal du ha.”

”Koss er det med”, deg spurde eg. Skal eg bera deg? (Det var vel å ta munnen for full).

Men nei, no skulle han greia seg meinte han. Då eg snudde meg for å gå ned, såg eg at Per Bore (elektrikaren) stod og støtta på stigen. Jens Bauge var der også. Dei såg alt som skjedde og var vitne til den spanande hendinga som med Guds hjelp tross alt enda godt.

Eg vart sjølv berga då eg på snurpefiske ein gong vart hengande etter berre nevane utanfor skutesida. Eg ”bomma” då me skulle hoppa frå lettbåten om bord i skuta. Lettbåtsroaren Bernt Arne ropa fleire gonger til Arthur Vestvik som alt var komen om bord: ”Arthur, Arthur ta Edvin”. Den gongen var det eg som var glad for ei reddande hand. Ja, slike og liknande ting skjer ofte i arbeidslivet både på sjø og land.

Alle foto fra Edvin Kallevåg.

Kyrkjemarto

Jenta som vaks opp på Sagneset i Tjongepollen på Bømlo.

Av Tolleiv Hidle

På det smale beltet med land som skil Sagvatnet fra Tjongepollen, under ein høg berghammar, finn ein restar av murar som fortel at her har det budd folk ein gong. Staden heiter Sagneset og nokre hundre meter vestafor renn Sagelva ut i Tjongspollen.

Her sto ei av Noregs eldste sager. I 1686 er saga oppgjeven å vera over 80 år. Saga er først skattlagd i 1636 og var stadig i bruk. I 1657 vart saga fornja og skar i åra 1663-64 minst 1500 bord. Brørne Daniel, Endre og Paul på Bærøy eigde saga i 1680-åra. Dei hadde «temmelig stor skov, men skaaner den».

Hit til Sagneset kom Martha i 1869. Då var ho 6 år gammal. Marta kom saman med foreldra sine, Salve og Inger, eldstesystera Anna og broren Hallvard som var yngre enn Martha. Dei kom frå Tonstad i Sirdalen, der Salve hadde drive sagbruk. Salve var den fyrste som tok i bruk sirkelsag i bygda, men året etter var det 6 liknande sager i Sirdalen og ikkje leveveg for nokon. Salve reiste på vårsildfiske om vintrane og der kom han i snakk med folk frå Bømlo. Dei fortalte at det trøngst sagmeister i Sagelva. Det var oppgangssag då Salve tok over, men han forandra til sirkelsag. På den tid var det også tre kvernhus i Sagelva.

På Sagneset sto husa som sagmeisteren bygsla. Det fylgte med ein skogteig og så mykje dyrka mark at dei kunne ha ei ku. På den tid var det ikkje vanleg å dyrka grønsaker på Bømlo, men Salve var vand med dette frå Sirdalen, og han spadde opp ein grønsakåker som han var svært glad i. Om sundagen når det var godvêr kunne han ta middagsluren sin i åkerreina. Det kom to nye born i familien, ein son dei kalla Jørgen og ei dotter som fekk

namnet Inger Sofie. Kona til Salve treivst ikkje på ein så einstaka plass som Sagneset. Ho hadde berre sine eigne born og mannen sin å snakka med, og ho lengta alltid tilbake til den store bygda ho kom frå. Med Salve var det annleis. På saga var det ofte folk og han treivst godt. Han var ein veldig arbeidsmann med bjørnekrefter. Ein dag kom ein mann som heitte Reinert slepande med ein stor stokk. Han la tømmerstokken frå seg i stranda og rodde for å henta meir folk for å få stokken opp på saga. Men då han kom tilbake med fleire mann med seg, hadde Salve velta tømmerstokken på sagbenken.

Dei første åra på Sagneset var lykkelege, men så kom den eine tragedien etter den andre. Begge dei to minste borna vart sjuke og døydde. Det var truleg skarlagensfeber dei døydde av, og begge låg lik på ein gong. Det kom seinare ei jente til og ho fekk namnet Sofie etter systera som hadde gått bort.

Det gjekk ei tid, men så vart mora sjuk og døydde. Folk sa det var lengt Inger døydde av, men truleg var det sjukdom i tilknyting til at ho venta barn som tok livet hennar. Minstesystera til Martha, Sofie, var då to og eit halvt år. Martha var 12 år. Eldstesystera Anna var ute i teneste, men Martha var ei tapper jente. Ho bakte alt flatbrødet som skulle til i mora si gravferd. Like etterpå måtte ho sy ny skjorte til faren. Det var vanskeleg, men faren hjelpte henne og sa korleis han trudde det skulle vera. Om sumaren gjekk kua i skogen, og når det var malketid måtte Martha ta stølsholken og minstesystera med seg og leita etter kua.



Kyrkjemarto. Foto frå Bømlo Folkebibliotek.



Det er framleis spor etter hustufter på Sagneset. (Foto: B. E. Vikå).



*Ved bekken frå Sagvatnet og ned i Tjongepollen var det ei sag og tre kvernhus.
Restane av grunnmurane står der den dag i dag. (Foto: B. E. Vikå).*

På sagbruket gjekk det godt. Salve hadde nok å gjera. Det var ikkje alltid folk hadde pengar å betala med, men dei kom med fisk og andre varer, og familien på Sagneset hadde alltid nok å leva av. Faren var glad i å lesa og han ville også at borna skulle lesa bøker. Han fanga sjøaure i elva og sende til kjenningar i Haugesund, og dei sende han bøker attende.

Ein kveld borna hadde eit ærend ned til potekjellaren som låg nede ved stranda, vassa det i land eit stort, svart loddent dyr. Borna vart vetskremde og sprang heim til faren. Han trøysta dei og sa det var nok ein stor oter dei hadde sett. Hjort høyrdé dei ofte. Serleg i brunsttida når bukkane brøla inne i skogen.

Sonen Hallvard var ein gløgg kar, og dette la presten merke til under konfirmantlesinga. Presten ville at Hallvard skulle bli misjonær. Først måtte han læra eit handtverk, og Hallvard reiste til Haugesund for å gå i snikkerlære. Her fekk han lungebetennelse og døydde. På den tid hadde Anna også blitt sjuk. Ho var smitta av tæring. Alt dette gjekk hardt inn på Salve og arbeidsgleda var ikkje som før.

Så ein dag omlag 12 år etter at familien kom til Sagneset, kom Salve heim frå saga med voldsom verk i magen. Etter berre få dagar døydde han. Folk sa det var tarmslyng.

Før faren døydde, bad han Martha prøva å få kjøpt husa på Sagneset, så hadde ho og Sofie ein heim, men eigarane ville ikkje selja. Martha heldt seinare i livet alltid fram, når ho høyrdé nokon vanvyrde heimen sin, at dei skulle prøvd kva det var å mista heimen. Martha reiste til Sirdalen med systera si som då var 6 år, for å få skyldfolket deira til å taka seg av Sofie mens ho sjølv tok seg teneste. Men då ho skulle reisa tilbake, gret systera så sårt at Martha ikkje hadde hjarta til å reisa frå henne. Ho såg ingen annan utveg enn å ta systera med seg tilbake til Bømlo. Martha var fortvila, ho visste ikkje kvar ho skulle gjera av systera. Men folka i Hjartnesvågen, naboane på andre sida av Tjongepollen, sa at gryta deira hadde metta så mange. Ho metta nok ei lita jente til. Og der fekk Sofie vera.

Martha gifte seg i 20-årsalderen med ein mann frå Holme som heitte Johan. Då tok ho til seg syster si. Anna var då mykje sjuk og døydde ei tid etter. Sofie som ikkje ville vera i Sirdalen som lita, vart seinare gift i traktene der sør.

Mannen til Martha var snekker og bygningsmann. Det skal vera han som har laga altertavla i gamle Bømlakyrkja. Martha var eit arbeidsmenneske av dei sjeldne. Best lika ho å arbeida på bøen og i skogen. Ho gjekk under mange namn: Salvemarto, Holmemarto, Gongemarto, Prestemarto, nordafjells kalla dei henne Johanemarto etter mannen, mens sønnafjells kalla dei henne Kyrkjemarto fordi ho aldri skulka ei einaste preik i kyrkja. Enten det var solskin eller regn så sat Martha i kyrkja kvar preikesundag. Marta var ei av dei som hadde lengst veg til kyrkja. Ho måtte gå over hei og myrar og til slutt over Kyrkjefjellet ned til kyrkja på Vorland. For å klara dette måtte ho starta tidleg, og ho var nok trøytt mang ein gong. Det hende ho duppa av så salmeboka og brillene datt i golvet med eit brak. Ein gong dette hende og ho såg salmeboka låg med blad ned på golvet skal ho ha sagt halvhøgt: «smørsio ned kan du veta»

Like etter krigen var det sumargudsteneste på Siggjatoppen. Då var Martha 82 år, men ho gjekk opp dei bratte liene på vestsida. Etter at gudstenesta var slutt, gjekk ho ned på austsida til kjenningar i Siggjarvågen.

Marta var også ofte å sjå i Lyklingkyrkja fordi ho hadde ei veninne på Berge som dei kalla Steff-Anno. Anna Berge gjekk til Lykling fordi ho hadde hatt konflikt med klokken på Vorland, og Marhta slo fylje til Lyklingkyrkja. Dei to veninnene hadde også ei felles interesse av å setja vin. Det gjekk mykje i rabarbra og rips, og som oftast var vinen både sterkt og god, men ein gong hadde Steff-Anno vore uheldig med vinen som vart alt for svak. Men ho visste råd, ho skreiv til polet i Bergen og fekk tilsendt ei flaske 45% sprit som ho tømde i vinen, og då var ho nøgd med styrken.

Marta døydde i romjula 1950. I Sagelva vart det drive sagbruk til byrjinga av 1900-talet. Den siste sagmeisteren var ein mann med raudt skjegg som dei kalla Sagnesen. Skogsdrifta rundt Sagvatnet har stilna av. På Sagneset er det villdyra som rår, og skogen har teke tilbake all dyrka mark. Berre dei grovbygde murane står igjen og vitnar om at her leika det born ein gong. Her lydde det både gråt og latter.

Forteljinga om Kyrkjemarto har eg frå barnebarnet hennar Margit Zahl.

Da navnet Heine kom til Bømlo

Av Astrid Vestvik Nilsen

Ikke lenge før Heine Vestvik døde 12. juli i år, tok han kontakt med Bømlo Tur- og Sogelag med spørsmål om de ville ta imot en kiste som han hadde, og som hadde vært i familiens eie i nærmere fire generasjoner. På kisten var navnet Heine Anfindsen Furdahl 1854, malt med sirlige bokstaver. Kisten kan nå sees i museet Fridtun på Langevåg.

Men hvem var Heine Anfindsen?

Heine Anfindsen Furdahl, Skånevik (1828-1891) kom som dreng til gården Vestvik, antakelig i året 1854. Der ble han gift med Sønneva Eliasdtr. året etter, og kjøpte da den vestre parten av gården. Heine og Sønneva er Heine Vestvik sine tippoldeforeldre, og mine oldeforeldre. De hadde 4 barn.

Heine Anfindsen Furdahl var nr. 3 i rekken av barn som Anfinn Heinesson Storhaug fra Holmedal (1793-1866) fikk med Ales Hugnesdotr. Furdahl. Anfinn Heinesson var sønn av Heine Anfinnsson Storhaug (1759-1830), som fikk navnet Heine etter sin mors første mann, Heine Haktorsson Øye (1695-1757). (Se mer under «68 Heine-navn...»)

Det eldste Heine-navnet

I Årbok for Kvinnherad V, Kvinnhers-minne, som kom ut i 1990, har Anders Stølen skrevet en artikkel: «Heine-namn i Sunnhordaland og Hardanger». Der heter det at Heine-navnet er et færøyisk navn, som kom til Sunnhordaland med den legendariske færøyingen Magnus Heinesson (1545-1589). Han var skipskaptein i den danske marinen, og innimellom kaperkaptein, og ble henrettet for sjørøveri. Han fikk etter sin død full oppreisning, og kona, Sofie Gyntersberg, fikk erstatning. Magnus Heinesson fikk med kona halve Mel i Kvinnherad som arv etter hennes mor, Kristine Benkestok. Heine-navnet ble dermed kjent på Mel, og neste gang det dukker opp, er det med Heine Torsson på Mel, som først forekommer i et skinnbrev av 1624, der han sammen med en annen, muligens svoger, solgte en odelspart i garden Øye på Varaldsøy. I 1652 bodde han på Hatteberg og var lagrettemann. Han er den første med fornavnet Heine som en vet om. Heine Torsson antas å være sønn til Elseberg Magnusdtr., (datter til Magnus og Sofie) og Bertel Hørby på Hatteberg, - et forhold som Bertel Hørby ble dømt for i en

dom i Stavanger. 4. august 1607, og Elseberg fikk oppreisning. Heine kan dermed ha blitt oppfostret av en «Tor», noe som var en ikke ukjent «løsning» i sånne tilfeller. Elseberg ble senere gift med storbonden Anders Matsson Ænes. Heine Torsson hadde tre sønner, og den ene het antakelig Knut, som blir bestefaren til Heine Haktorsson Øye, som flyttet til Holmedal.

68 Heine-navn mellom 1566 og 1928

Det er Kvinnherad som har de fleste Heine-navn, 38 av 68 navn. I tillegg finnes mange Heine-navn i Strandebarm og Mauranger. Men det er i Holmedal sokn at Heine-navnet holder seg lengst. Det er den strenge oppkallings-plikten som gjør at et navn holder seg i en familie i generasjoner. Og det ble oppfattet som «fjollet» å oppkalle noen fra en annen slekt. I de aller fleste tilfellene er det enten bestefar eller oldefar som blir oppkalt. Plikten til å kalle opp ektefelle som var gått bort, gikk foran all annen oppkalling. Et eksempel er da Siri Viarsdotter (f.1710) blir enke etter Heine Haktorsson Øye og gifter seg med Anfinn Persson Storhaug (f. 1733). Det første barnet blir da, som nevnt tidligere, kalt Heine (Anfinnsson Storhaug, 1759-1830), etter sin mors første mann, og blir altså farfar til Heine Anfindsen, Furdahl.

Heine-navnet i slekta Vestvik

Det er ikke unaturlig at det ble Heine Vestvik (1960-2015) som overtok kisten Heine Anfindsen hadde med da han kom fra Furdal ytterst i Åkrafjorden til Vestvik på Bømlo, siden han hittil er den eneste i slekta Vestvik på Bømlo som er oppkalt etter han. Den yngste sonnen til Heine Anfindsen, Elias Johan Vestvik (1865-1932) fikk en sønn som ble oppkalt etter bestefaren Heine. Han døde imidlertid 4 år gammel. Den yngste sonnen til Elias, Heine Vestvik, (1909-1988), som er min far, blir også oppkalt etter sin bestefar.

Elias Johan, min farfar, var møbelsnekkerlærling i Theodor Olsens møbelfabrikk i Haugesund, som i 1900 hadde 32 mann i arbeid. Han ble gift i byen og bodde der resten av sitt liv. De ca. 20 siste årene var han kirketjener i Vår Frelsers kirke. Min far Heine Vestvik er dermed født i Haugesund, og var, så vidt jeg vet, i noen år den eneste i byen med navnet Heine.

Heine Vestvik (Neset) er sønn av min tremenning Johanna Vestvik, som hadde god kontakt med min fars familie i Haugesund, og jeg traff henne ved mange anledninger i mitt barndomshjem. Jeg hadde

de siste 9 årene god kontakt med Heine Vestvik, som var fornøyd med navnet sitt, og gledet seg over at vår sønn også heter Heine (Heine Vihovde Vestvik, f. 1976) - som foreløpig den siste som er oppkalt etter Heine Anfindsen i familien Vestvik.

Astrid Vestvik Nilsen, Kopervik.

Kilder:


Kvinnhers-minne, Årbok for Kvinnherad V, 1990,
Bømlo bygdebok, bind III (1972)
Skåneviksoga, bind 1 (1981)

GAMLE TRE

Gamle tre var til før du vart boren.
Gamle tre har sett ei mor, ein far
leike seg som born i ljose våren,
sett dei mognast på den gamle gard.

Gamle tre såg mang ein ættled streve,
ungdom bløme, blomar falle av.
Gamle tre kan ennå lenge leve,
sende blad med vinden på vår grav.

Olav Vik



Heine Vestvik 1960 - 2015.



Kisten etter Heine Anfindsen Furahl fra 1854.

Oppvekst på Hovland i førre århundre!

Av Bente Hovland Bergtun

No er det ingen tvil lenger. Er ein fødd i 1964 vert ein assosiert med Gamledagar! Eit halvthundreår er lenge sidan. Oppvaksen i ei tid då alt gjekk litt saktare og omgrep som stress, tidstjuv, hurtigmat, motbakkeløp eller sosiale mediar ikkje var å finna i ordboka. Ei tid utan svært mange av dei tekniske forordningane me har i dag, men ikkje minst ei tid med heilt andre problemstillingar, fokus og kvardagssysler.

Å veksa opp på Hovland var truleg ganske likt dei andre grendene på Langevåg. Heimeverande mødrer med forkle sikra det forutsigbare og trygge. Klesvasken hang ute på mandag og teppene på fredag. Me kom alle heim til middag med poteter kvar dag, og alternative barnevenlege menyar var ikkje å spora om me rynka på nasa over spekjesild eller steikt makrell. Mat var noko ein måtte ha, ikkje noko ein var interessert i eller eksperimenterte med.

Kosthald og matvanar var aldri store tema, men likevel kjende alle til Trusselbiletet. Det var dama med struma i naturfagboka «Hu hadde ikkje ete fisk». Me strei oss gjennom utallege fiskemiddagar av den grunn.

«Å eta ute» var ikkje noko anna enn å gå på mattur til Havnabrotet eller kaffitur til Pådl. Restaurant var framandord langt oppi tenåra, medan Totalen var me meir familiær med. At det førte år fram i tid skulle bli noko dei kalla kortreist-mat, visste me ingenting om når me åt poteter og grønsaker frå midtbøen, eller kjøt frå smala som hadde forsynt seg med tulipanane i hagen om våren.

Daglegvareforretningar fantes i rikt monn på 60-og 70-talet. Dei hette verken Rema, Rimi, Meny, Ica eller Kiwi, men derimot Tveiten, Tønnes, Jakken, Olaf og Ågen.

Kundekretsen var lojal og fordelte seg meir eller mindre logisk mellom krambuene. Vareutvalet kunne vera variabelt, så me ungane, «som var så lette på foten» fekk gjerne gå fleire stadar før me hadde fått det som sto på lista. Og me handla i nett, ikkje på nett!

Tålmodighet var noko me fekk mykje trening i, året på tamp. Me venta alltid på noko, og som oftast var det knytta til kvardagsgleder. Dette fortel samstundes kor me la lista for det som gledde oss. Og kanskje er nettopp dette «gode gamledagar».

For me venta på vinter med snø i Davidsbrekkå og is på Salatorskoren. Våren med kusom, og å hoppa spring sokkaleisten. Sommaren med leik bak hesjene og under såtene, St.hans med spidda pølse og vaksne som var med på «Kari og Knut spring ut». Hausten med neter og Jeppe som kom til Kåså og selde «frokt» i kassar frå Ryfylke. Andre båtar som gjorde dagane litt meir spanande var Betelskipet, Fredsbudet og Maran Ata.

Å venta på brødbilen gav oss likevel meir smak av himmel. Lukta av ferskt bakverk når Valberg opna bakdørane på Transiten, var gull verdt. Kveitebrød og fint brød var det beste, og framleis ikkje usunt.

Elles venta me på dei to siste songane i Ønskekonserten, som kunne slumpe til å vera litt moderne. Me venta på neste episode av Huset på prærien, Silkesvarten, eller Ante. I mellomtida fylgde me med på bygging av Senteret, og ikkje minst for oss på Hovland, ny veg og ferjestø i Salvestrandå. Eit anna innslag frå moderne tid fekk me ta del i då Bunesen toppa utstillinga si med Lampen! Den med alle stråa festa i ei stor kule og som skifta farge. Kanskje det finaste me hadde sett, og i høveleg avstand om møtet på bedehuset forteikna seg litt grått.

Me samla stjerner og fiskar i Søndagsskulekortet i store deler av barndomen. Kvar søndag kl.10 møtte me opp med besteklede og handveske. I



"Samband" var sentral. I byn venta gleder som rulletrapp og softis! (Foto: Arne Breistein).



Hovland 1966. Vold, Vespestad, Kåso og Eide i bakgrunnen.
(Foto fra Telemark Flyselskap AS ved Johan Ottesen historiske fotoarkiv og forlag).

vekene prøvde me iherdig å vera Solskinnsbarn og å likna Daniel og Rut så godt det lot seg gjere. Samstundes satsa me på at Jesus elskar alle barna så høgt at han oversåg epleslang hos Ottoen og høna me drukna i seteskuten til Olaien. («Joda, Jostein og Roy, det var de som fann på det»)

Minnene frå bedehuset er tallrike, og me sat att med mykje meir kunnskap om livet etter døden enn om korleis det tok til. Det var ikkje alt me trond vite, og det var liten tradisjon i å utfordre det kjende og beståande.

Skulen var viktig, og etter det me ungane oppfatta, hadde lærarar ein bra status. Likevel var dei ikkje fritekne frå diskusjonar om korvidt dei var eigna eller ikkje til jobben. Fløyelsbukse og gammal bil såg uansett ut til å vera ein fellesnemnar, medan Berning valde dressbukse og moped!

Me 25 elevane i 1964-kullet starta på Gamleskulen og fekk med oss nybygg og basseng før Brakestaen kvitterte oss ut. Nye introduksjonar hadde mellom anna vore skulemjølk, og fluorskylling med Margot i andre time torsdag. Diamantsting og russadessert var òg greitt å kunna.

Signaturen til Hovland var nordavind! Snautt som det var der, handla det mykje om å leita etter lune stadar der me kunne leika. Med rauda kinn og håret til værs nytta me dagane til kreative aktivitetar utan å tenkje på rette turklede eller hårfrysre. Me tok heller ikkje selfie når me var på topptur på Kyrkjefjellet eller Stølshojen!

Men, det skal vera sagt: Tvillingbror min og eg hadde tilgang til to frisørar. Det var tante Hildur og vaktmester Sigurd. Ingen av dei hadde derimot svennebrev på veggen eller plakatar med frisyrar til å peike på. Akkurat det fekk størst konsekvenser for



*Selskap i sommarvind! August 1971.
Roy, Anskar, Torbjørn, Bente, Liv, Brith Aslaug, Kristin.*



Roy på heimlege trakter.

meg. For då me var ferdige såg nemleg bror min og eg ut som tvillingbrødre. «Ja, ja, da vekse ut», trøsta mamma.

På Hovland er det no meir vegetasjon, men det har tynnast ut i rekken av dei vaksne som var med å prega barndomen vår. Dei me fekk julakjeks hos om sommaren, dei me fekk sjå fjernsyn hos, dei me kjøpte egg hos, dei som stakk til oss nokre kroner, dei som kjefta for at me gjekk i graset, eller dei som sa at me var kjekke ungar.

Alt og alle gjorde sitt til at dette vart ein del av min historie.

Og, ja, det vil alltid vere heim til Hovland!

Barndom på Bømlo

Nokre minne frå barneåra

Av Lauritz Eide

Lauritz Eide, fødd 17.09.1936 og oppvaksen på Bømlo, har skrive ein lengre tekst om minne han har frå barneåra. Dette med tanke på dei nærmaste etterkomarane. Bømlo Tur- og Sogelag har fått lov å bruka teksten i Leidarsteidn. Dette er me svært takksame for.

Foreldra til Lauritz var Berta Sikveland, Sikvaland på Jæren og Enok Eide, Eide på Bømlo.

Lauritz Eide er no busett i Norheimsund.

Det er svært lite eg hugsar frå året 1940. Berre ein vag aning om at det var krig i landet. Jentene som me sa (Solveig og Margit som var knappe 8 mndr. eldre enn eg) og som då budde oppe hjå oss på den tid, fortalte om ein grå og trist dag 9. april 1940. Dei hugsa godt den dagen krigen braut ut. Me vaks opp ilag, leika saman og så vidt eg hugsar levde i fred og fordragelighet. Dei flytta til Holme i 1942 til sitt eige småbruk. Seinare var me ofte på vitjing til dei (tante Eli og onkel Johan). Det var alltid triveleg å vera der – gode minne frå den tida.

Etter kvart merkar me meir og meir at krigen sette sine spor også hjå oss i utkant-Noreg. Me såg tyske soldatar marsjera på vegane i området, hørde skot frå fjernt og nært, tyske båtar var innom Kåso, tyske fly flaug lågt over området, og me likte det ikkje. Dei var våre fiendar. I fjorden gjekk fraktebåtar med store ballongar i snor høgt over båten for å hindra fly å koma for nær.

Ei hending som eg hugsar godt frå krigstida: Me var nokre personar oppe i tunet hjå «Tinen» (Martin Solheim). Ei rekke med tyske soldatar kom marsjerande



Lauritz sine foreldre, Berta Sikveland og Enok Eide.



Husa på Eide.

oppover mot husa. Då klarte ikkje Tinen å teia. På litt avstand skjelte han ut dei tyske soldatane så kraftig at eg vart nesten redd. Dette kunne vel vera farleg, tenkte eg. Eg forstod alt han sa, men det gjorde nok ikkje tyskarane, for dei kunne heldigvis ikkje norsk. Eg minnest Tinen som ein godsleg og triveleg gammal mann med heimerulla sigarettar, rulla i grått/brunt posa-papir. Heilt sikkert var dette ei god blanding røykestimulans når tilvendingstida var over, vil eg tru.

Første klasse i folkeskulen.

Eg hugsar godt første skuledagen. Noko særleg lyst å gå på skulen hadde eg ikkje. Den gongen gjekk me annakvar dag. Det var meir enn nok tykte eg. Det var mykje meir interessant alt det andre me fann på ute i naturen. Dei dagane me ikkje var på skulen, skulle me gjera lekser og hjelpe til heime, i alle fall me som vaks opp på gards-/småbruk. Me var 10 i klassen, 3 jenter og 7 gutter, årgang 1936.

Den første læraren vår var frøken Kristensen fra Rubbestadneset. Ho lærte oss bokstavane, å skriva, lesa, soge/bibelsoge, og tall/rekning. Ja, me song vel litt òg, men så vidt eg veit var det ingen som merka seg ut med stort talent på det området. Det skulle forresten vore interessant å sjå timeplanen frå det første skuleåret. Kanskje den finnест ein plass?

Klasserommet vårt var i kjellaren i skulen. Ved sida av hadde Bømlo sparebank tilhald på den tid, så vidt eg hugsar. Min bestefar og E. E. Vorland sat der, viktige, og ordna med pengane til folk. Eg hugsar det var litt høgtideleg å gå i banken – mange interessante stempel som dei trykte ned i ein smelta raud masse. Det såg spanande ut då dei forsegla konvoluttane. Då måtte det vera viktig.

Det var krig i landet, og me elevane var ikkje utstyrt som elevar er i dag. Me gjekk på tresko eller trisko som me sa, og som var pepra med spiker (spiker med



Frå v. Margit, Lauritz og Soheig (på Holme).



Frå v. tante Tilla, mor Berta, Lauritz på hest.



Olga Kristensen.

runda hovud) under for at dei skulle vara lenger. Dei hadde den eigenskap at dei glei godt på det slette betonggolvet i gangen inn til klasserommet. Me tok fart og før mange meter og laga ein forskrekkeleg lyd, verre enn når grisen skulle slaktast, og som kvein i øyro til stor irritasjon for fr. Kristensen vil eg tru, og til litt glede? for oss «småkjeltringane».

Mobbing? det trur eg det var lite av. Kanskje var det litt uskuldig småerting. Me hadde stor respekt for læraren. Kulturen var annleis, og foreldra «jatta» ikkje med avkomet sitt slik som i dag. Eg trur me i større grad då enn no lært kva som var rett og kva som var galt, og å vera nasevis var ingen fin eller god oppførsel. Det visste me godt. Sjølv om det var krig ute i verda, merka me lite til dette i skulen. Dagane gjekk utan dei store og dramatiske hendingane i vår vesle verd.

Soveplassen vår var på lemen, 2. etg. Eg låg i ein benk som kunne dragast ut. Madrassa var nærmast ein stor sekk med halm inni – halm etter treskinga. Så vidt eg hugsar, var den ganske god å liggja på. Lus og lopper hørde me om, men mor var særst nøyen med å kontrollera det, og ingen av oss fekk noko slikt det eg kan hugsa. Det eg hugsar særst godt, var kvar gong mor tok fram den svarte tett-tinda kammen og skrapte hårbotnen så det svei lenge etter. Det var nærmast ei form for tortur, men sikkert nødvendig. For lus ville ho mor ikkje sjå på oss.

«Arbeid» og fritid. Me var ikkje så store før me måtte hjelpe til heime på garden. Om vinterkveldane var det å halda lykta på veg til (fjosen) fjøsen – ei lita flaggermus, parafinlykt som blafrå følt i vinden, men gav likevel tilstrekkeleg ljós for dei ulike gjeremål. Det var helst mor som mjølka dei 3 kyrne me hadde. Me borna var med og måka i gjødselrenna, reiv høy og litt anna førefallande arbeid. Det var alltid ei god og fredfull stemning i fjøsen. Lyden frå dyra som åt, hesten som stod der og var berre roleg og trygg. Nokre sauher hørde me bråka i nærleiken. Lukten av sur hå, mòk, høy, og anna godt blanda, hørde med til dette tilværet. Og når me var på samlingar på bedehuset, var det tydeleg kven som var bonde og kven som var strandsitjar som dei kallar det.

Krigen eksisterte der ute, men ikkje her i fjøsen. Det var liksom noko ved dyra som roa oss ned i ein eigen fred i ei anna verd.

I fritida fann me på mange ting. Om vinteren, når vatna var tilfrosne, kom skeisene, snabel-skeisene fram. Me måtte fila skeisene under sjølve for å få godt feste og god gli. Dei vaksne hadde ikkje tid til slikt. Og me, me fekk det til sjølve, og lærte noko av det å kunne handsama eit verktøy og vera sjølvhjelpen til det meste. I krigens dagar og utover ei tid, var det mange kalde vintrar.

Me skeisa på mange vatn og tjørnar – Eidesvatnet, Kalavågstjørna, Nipatjørna og fleire andre småtjørnar. Etter kvart kom hockey-skøyttene, og så langrennskøyttene. Dei kalde vinterkveldane på isen eller i akebakken med nordlys og klar stjernehimmel, var ei fin oppleveling som gav gode kjensler og gode minne. Og ikkje minst når me kom heim om kvelden, ganske utkøyrd, då smaka dei grove skivene, heimelaga eller dei frå Hauge og Lindås bakeri i Haugesund, aldeles fortrefleleg – utan pålegg av noko slag, men eit slags smør, og av og til litt sirup.

Ein vinter var Eidesvatnet tilfrose med tjukk is. Då tok Tinen eller son hans, Nils, hesten og køyrd mòk til bakkane heilt i søre enden av vatnet. På den tid var det nokre gode dyrka teigar der som gav litt tiltrengt før til dyra hans.

Snø, var det mindre av her ute i havgapet. Lange periodar med frost kunne det nok vera, men når vêret slo om, kunne det gjerne vera snø ein dag, og regn neste dag. Slik var det ofte om vintrane. Det vart lite skigåing. Men – det måtte vel vera i slutten av krigen eller rett etter, at eg fekk eit par ski som visstnok tyskarane hadde hatt – kvitmala. Dei var ikkje berre altfor lange, men breie og tunge, og slett ikkje tilpassa min vesle kropp. Men eg lærte nok å halda balansen på desse skia, så heilt bortkasta var det nok ikkje.

Far var på sildefiske om vintrane. Mange båtar frå Bømlo gjekk nordover til Måloy-området. Nokre av båtane var «drivarar» og nokre snurparar. Mor stelte fjøs og hus. Sjølv om det var krig, levde me borna eit sorglaust liv. Men me fekk klar beskjed om at onklane våre (Sigvald og Kristian – handelsflåten og marinen) var på nordlandsfiske og slett ikkje ute i krigen. Men me slapp heldigvis å svara på spørsmål av denne typen. Begge kom heim att med helsa intakt, men krigen gru har nok ikkje gått heilt upåverka forbi dei heller. Og bestemor og bestefar fekk aldri sjå att sine to søner. For dei var nok dette eit tung bør å bera på i sin alderdom.

Det hende rett som det var at båtar kom innom Kåso med sild. Den var som regel gratis. Steikt sild var kjærkome tilskot til matfaget for mange, godt og ikkje minst billig, og kjekt å gje bort trur eg det var for dei som hadde høve til det. Folk vart glade av å få, og av å gje. Det var alltid ei god stemning ved slike høve.

Me gutane på Eide, Artur Hovland, Erling Mæland og eg, var ute i Eidesvågen og plukka sild. På Osnesskjæret, eit stykke ute i vågen, set mest alltid fleire fugleartar som td. skarv, ærfugl og ulike måkeartar m.m. I denne naturperla var det det føregjekk.

Etter krigen og utover, var det til dels store mengder sild som seig inn på vågen. Nokre silder fall alltid av då garna vart dregen over rekka på dei større båtane, og då kunne me plukka dei.

Ja, me hadde garn ute sjølv og, og fekk sild så robåten vår vart godt lasta. Me hadde fri frå skulen då dette fiske føregjekk. Fangsten måtte me føra/ro til Espesvær for levering. Det var mykje arbeid for kjærkomne lommepengar. Men det viktigaste var vel det me lærte av å gjera dette sjølve, tenkja praktisk, og gjera ein jobb. Sjølvsagt snakka me med erfarte fiskarar som kunne gje oss gode råd. Fritidsproblem var eit ukjent ord i vår barndom. Me fann alltid noko å gjera på.

I kjølvatnet av sildefisket, tok me ut ein halvkasse sild som me laga lubbesild av. Silda vart flekt – skoren etter ryggja-beinet slik at dei to sidene hang saman i buken. Hovudete skar me bort, og sporen vart bretta slik at silda-sidene vart pressa frå einannan for at røyken skulle koma til på heile silda.

Det var viktig at silda vart passeleg salt. Me laga ein lake så sterkt at ei rimeleg stor potet skulle flyta når det vart stukke ein fire tommars spiker gjennom den. Silda skulle så flyta i laken så lenge at den svarte pupillen i sildeaugan vart kvit, om lag 25 - 30 min. Så var det å få silda tredd inn på høveleg tjukke hasle-stenger og hengt opp til turk. Røyken festa seg betre når silda var turr. Det gamle hønsehuset eigna seg godt til å røykja silda i. Ei gamal jarngryte vart brukt til eldstad, og brakte til å brenna fann me rett utanfor døra. Det var viktig at det vart røyk utan eld. Var det for mykje eld, varme, måtte me skvetta vatn på. Og me som sprang ut og inn i røyken lukta sikkert godt me òg, men eg høyrde ingen klage i den samanheng. Sånn var det berre. Etter nokre dagar/økter med god røyk, var silda ferdig til



Erling, Solveig, Lauritz.

å hengja opp. Den måtte hengja luftig, slik at ho ikkje surna. Og når gauken gol, kunne me eta ho. Lubbesild brukte me ofte til kvelds og mest alltid som nista i torvmyra med kalde poteter attåt. Rett ofte var me borna bortom uthuset og fann oss spekt lubbesild og åt det me ville. I dag vil eg sei at god lubbesild er det me vel vil kalla herrekost.

Vår- summararbeid. Sjølv om garden var liten – 3 kyr, ein hest, 20 sauar, ein stut og kanskje ein kalv og nokre høns, så var det alltid noko å gjera. Me brukte hest og kjerre til transport av materialar og andre varer. Hjula på kjerra eller sleden var av tre, eik. Dei bestod av eit solid nav, eiker, «spiler» og jarnring. Ei slik kjerre brukte me ofte m.a. for å få ut moka – gjødsela. Det å køyra ut mok, var eit tungt arbeid som røynte på heile kroppen, men mest på armar og rygg. Når mange lass med mok låg ute på bakkane, var det å ta greipa fatt og spreia den utover så gode me fekk det til. Deretter vart den harva – smuldra sund – for at den lettare skulle koma grasrota til nytte som gjødsel. Då brukte me hesten. Dette var ikkje det arbeidet me likte best, men det måtte gjerast, og det positive i det var at me fekk trening i friluft om ikkje berre friskluft, og kanskje ikkje heilt etter dagens meir proffe metodar.

Poteter og gulrot var noko me dyrka sjølve, og stundom selde. Inne i myra var det god jord for grønsakdyrkning. Potetene vart svært gode på smak, passeleg mjølne, og serdeles gode attåt feit spekesild, som me hadde rikeleg av. Me brukte hesten når me sette poteter i «gamle» åkrar. Plogen var spesielt utforma for å laga dei rette furene. Potetene vart sett ned med ein avstand på litt over ei skolengde. Sauemøk og litt kunstgjødsel vart så lagt oppå før plogen velta mold over. Så var det berre å håpa på og be om «godt og lagleg vêr» som det heite på den tid, slik at me fekk noko att for strevet, og noko å leva av.

Tidleg på våren tok lemminga til. Det var og eit styr. Stort set gjekk det bra. Sauer og lam gjekk ei stund på heimebøen. Men der kunne dei ikkje gå lenge for då vart avlinga, graset som dei andre dyra skulle leva av redusert. Difor vart – i alle fall i nokre år – sauer og lam frå fleire gardar på Bømlo sende til fjords som me sa, til Kvinnherad. Det var ikkje utan problem å fanga sauene og lasta dei om bord i heller små skøyter. Fleire timer tok reisa innover fjorden.

Men på den tid var det nok av tid å ta av, og kanskje for sume ei kjærkomen kvild frå slitet, eller kanskje ei ny og spanande oppleveling for unggutane som fekk vera med. Så vidt eg hugsar, varte ikkje denne sauefjord-ordninga så mange år. Eg hadde mistanke om at gevinsten vart relativt liten. Om hausten då me skulle henta heim att sauene, var det alltid spanande å sjå kor store lamma var, og om alle var funne. Me overnatta gjerne då ei natt og låg «flolagde» på ein stor sal fleire sauhestarar. På desse turane fekk me og kjøpa frukt – helst eple og pærer. Det var nok ikkje alltid kvaliteten på epla var topp vare – dei sa berre: «eple og makken har same smaken»

Vaskedag i Eidesvatnet var ein del av livet sumarsdagen i min barndom. Me heldt til like ved utløpet av vatnet der elva rann ut i Eidesvågen. Vatnet her var så «mjukt» og godt å vaska klede i. Ei stor gryte fylt med vatn vart sett på nokre steinar og fyrt oppunder. Det var litt sosialt og nokså nyttig å gjera klevasken på den måten stundom. Kulturen var slik at tida måtte helst brukast til noko nyttig. Tida var dyrebar. Slösing med tida, eller å «driva dank», var slett ikkje bra.

Ein periode i- og like etter krigen, spadde me torv nord i marka. Torv brukte me til brensel i tillegg til ved, koks og kol. Ved «Foro» som me sa, hadde me ei

myr som vart brukt i nokre år. Far spadde ut ein «teig» på om lag 2x2m. Torv etter torv vart spadd opp i 3 - 4 spa-djupner, trur eg. Me borna fekk torvene lagt på ei greip og bar den so til ein plass i nærleiken for turking. Me kalla det for å vodla torv. Det var alltid spanande kor mange djupner me fekk. Når vasstrykket vart for stort, braut vassbenken/demninga saman. Då måtte far koma seg vekk i ein fart. Etter ei tid måtte me nord for å setja opp torvene i «krakkar». Dei vart då lagde slik at dersom det kom regn, skulle vatnet renna av og ikkje veta ut torva for mykje.

Desse turane i torvmyra, var ganske kjekke. Me hadde alltid god niste med, ofte lubbesild og kalde poteter. Kaffikjelen med vatn og heimemalen kaffi vart sett over eit lite bål. Det lukta godt av brenne og kaffi. Me borna drakk helst mjølk eller saft. Skikkeleg brus eksisterte ikkje.

Fiske i øyane var ei fin oppleveling. Kvart år var me gjerne fleire gonger og dorga etter lyr. Som regel fekk me fisk, men han beit ikkje alltid like godt. Stundom kunne me få over 200 stk. I øyane er der mange farlege grunner og båar som me måtte passa oss for. Samstundes måtte me koma nær landet og grunnene, for det var gjerne der fisken stod. Då var det viktig å kjenna terrenget under båten. Det gjorde far, og me var aldri redde. Etter kvart lærte me borna og kor dei farlege områda var. Det som var skummelt, var når været var bra. For då kunne båane likevel bryta utan at me oppdagde det. Det kunne føra til alvorlege ulykker. Redningsvest eksisterte ikkje i våre tankar – og heller ikkje i den kulturen. Me såg vel på det som eit heft. Nei, kunnskap og erfaring om vêr, vind, straum og eigne krefter, var det me hadde å setja vår lit til. Ja, og stundom – ei stille bøn til han der oppe som hadde alt i si hand.

Det var artig å studera måkane sin veremåte då me kasta fiskeslo til dei. Dei kom straks i hopetal, slost alltid om godbitane, sparka til kvarandre og heldt eit svare spetakkel. Sume var meir aggressive enn andre. Alltid må det vera nokon som ikkje kan halda fred – underleg.

Kveldane i øyane, solnedgangen og måkeskrik, lyden frå åreplask eller frå ein gamal ein-sylinder Marna eller Sabb, står for meg som fine opplevelingar – og minne i livet. Det er slike opplevelingar som aldri kan verdsetjast i kroner og øre, og som mange av den yngre generasjon har vanskar med å skjøna. Tida var

på ein måte meir i «balanse» då, utan stress og utan press, men likevel hadde me det me trøng.

Fisken me fekk måtte flekkjast, vaskast, saltast og turkast. Me hadde ikkje straum eller frys på den tid. El. straum fekk me først i 1953. Etter ein eller fleire slike fisketurar, hadde me fisk til middag i lange tider. Turrfisk med steikt lök og flesk, og mjølne gode poteter frå myra, var noko av det beste eg fekk av mat. Mor var ekspert på å laga det godt til. Seinare har dette vore min livrett. Skulle me ha ein middag med fersk fisk, kunne me berre ro ut i vågen, slengja ut eit snøre eller eit garn og få lyr, flyndre, torsk, sild, makrell eller hyse.

I mai, juni står strandnelliken og kusymra på sitt finaste. Berre nokre få veker står dei der og gjer seg fine for dei som har evna til å sansa, lukta og sjå desse vakre blomane.

Blåskjel brukte me til agn når me ville fiska etter hyse. Blåskjela skulle helst festast til angelen med ein raud ulltråd. Hysa er spesielt god til å laga fiskekaker av.

Eit år – det måtte vel vera på ettersumaren eller hausten – var eg med Nils Mæland (Nils Eie som me sa) og fiska hummar. Han var ein gammal seglskutefarar som hadde vore på alle dei store verdshava, klove i riggen, og sett mykje. Eg var ikkje konfirmert. Han var då – tykte eg – ein eldre mann, men ganske sprek. Han hadde båten liggjande ved naustet sitt i Eidesvågen. Teinene sette me i Roaldsfjorden. Me rodde til og frå morgen og kveld. Han drog og setteteinene, eg rodde, andøva båten.

Nils brukte sjøkikkert. Teina måtte liggja akkurat på rett plass – det var viktig. Heile dagen sat me i båten og arbeidde med dette. Utan trening i å sitja på ei hard tofte, vart eg ganske sår i baken hugsar eg. Men det gjekk over etter ei tid. Av og til gjekk me på land for å eta nista og for å få ei avveksling.

Hummar fekk me, og lut vart det òg, men eg hugsar ikkje kor mykje det vart.

Ein gong me skulle heim frå Roaldsfjorden rauk det opp til vind og stor sjø. Me rodde med kvar våre årepar. Utanfor Skvetten fekk me problem med vind og stor sjø i mot. Det er ikkje så langt mellom Skvetten og Krekjbær-tangen, så me måtte kunna klara det. Me rodde og rodde og kom mest ikkje av flekken tykte

eg. Men Nils ville ikkje gje seg. Til nød kunne me lagt båten i Roaldsfjorden og gått derifrå til Eidesvågen. Det tok berre ein halv time. «Du må følja med på dei store skavla-bølgjene, og snu baugen mot så me ikkje vert fylte med sjø» sa han Nils til meg. Livbelte? – nei, aldri. Eg veit ikkje kor lenge me heldt på uti der, men lenge var det. Til slutt runda me Krekjbær-tangen, og Eidesneset. Så kom ikkje å sei at me ikkje hadde trim i gamle dagar.

«Ingeniør Knut Berg og dr. Pang» Det var jo to personar frå teikneserien som me tykte godt om. Dei skulle me etterlikna. Då gjekk me opp i Eidesfjellet – klatra opp og ned fjellet på vestsida. Det var den gongen heile «kostebinderiet» av reglar, fordeling av ansvar, medieoppstyr, politi, og rettsvesen m.m., ikkje var opptatt av slike småting som det var å vera vaktbikkje alle stader, passa på at ikkje nokon skada seg og om dei kunne finna ein ansvarleg syndebukk å straffa. Og – å oppretta eit byråkrati utan sidestykke som i dag for å hindra slik «ansvarslaus framferd».

Eg kan ikkje hugsa at det gjekk gale ein einaste gong på dei turane i fjellveggen. Eg kan ikkje hugsa heller at dette var så farleg, sjølv om eg tykkjer det i dag at det kanskje var på grensa.

Me brukte jo aldri tau. Her lærte me å ta ansvar for oss sjølve, utvikla sansane, bruka heile kroppen og takla vanskelege parti/skrentar i fjellveggen. Kanskje godt at ikkje noko såg oss, og ikkje visste noko. For då hadde det vel truleg blitt stopp for slike aktivitetar.

Med kyrne til markas var ei spesiell oppleving. Dei hadde stått på bås heile vinteren, og var yr av glede og fulle av energi då dei kom utafor fjøsdøra. Hopp og sprett med halen i været, nærmast eit lite lokalt sirkus for oss som var med på det. Dyra skulle leiast opp gjennom eigedomen til Tinen, Ivaren, og så til stølen/utmarka. Derifrå kunne dei gå fritt og beita heilt til Stormyr og Lenuten. Å gå gjennom marka til Lenuten tok om lag ein time kvar veg. Til Roaldsfjorden rekna me med å bruka om lag ein halv time. Her gjekk mor morgen og kveld for å mjølka våre kyr. Ho og Hanna til Tinen gjekk ofte ilag. Dei bar kvar sin holk av rustfritt stål på ryggen – 10 liter trur eg den tok. Kvar tur tok sikkert fleire timer å gjennomföra, avhengig av kor kyrne var. For eit slit. Og ho som kom frå storgard på Jæren, og visste betre! Men her var det det viktigaste å fylgja tradisjonen, og vera tru i det små, slik var det berre. Eg vert sår om hjerterøtene når eg tenkjer på

korleis livet var på den tid, og ho mor var ikkje åleine. Men det var desse som la grunnlaget for vår velstand. Det må me ikkje gløyma. Dei vart ikkje stort nemnde i fasttalane eller i store bøker. (Jo, forresten Arthur Klæbo). Dei berre gjorde si plikt i det stille, var nøysame i sine heimlege syslar der m.a. sokkar og labbar vart godt utnytta – stoppa og vedlikehaldne – slosing?, nei.

I tillegg til gardsarbeidet, kunne dei brukte mykje tid og krefter på ulike misjons-oppgåver. Dei var med å skapte ei trygg tilvære/samfunn for oss, og var i front når det galt U-hjelp – «ullsokkar til Afrika». Ei indre gudgitt kraft måtte få sit uttrykk i å hjelpe andre som hadde det endå meir fattigsleg.

Slaktedag. Kvar haust før jul var slaktedag heime. Sauene tok far seg av, men større dyr, gris og stut, vart teken hand om av meir erfarne slaktarar. Det eg hugsar best, var når grisene skulle takast. Den gong skulle grisene vera feite, tjukt spekklag. 140 kg meinar eg å hugsa ein av grisene var då han vart slakta. Grisen vart skolda som det heiter. Dvs. at busta vart skrapa av med eit eigna verktoy. For å få det til å gå greitt, måtte me hella over kokande vatn. Etterpå skar far opp passelege store stykke til folk som hadde tinga flesk og kjøt på førehand. Mor og me borna var med og laga syltflesk (håvost) Me plukka kjøt og flesk frå hovudet til grisene, rørte det saman, sette til salt og krydder, kokte det, og la det under press. Me smakte på sylta heile tida – om det var passeleg krydra. Det var godt, og ingen sa noko om me åt for mykje. Labbane til grisene, vart òg sylta. Dei smakte eigentleg godt dei òg, men me måtte berre ikkje tenkja for mykje på kor dei hadde gått i levande livet. Steikt flesk og lòk til turr fisk og poteter var herregards-kost.

Børse m. pil og bøge brukte me og under leik oppe i fjellet. Det var ikkje heilt ufarleg. Det meste av utstyret laga me sjølve. Børsa bestod av ein stokk med spor i. Yst, fremst bora me eit hol og tredde ei hasle-stang gjennom. I begge endane av stanga knytte me ei line og stramma til slik at hasle-stanga stod i ein bøge. Så kunne me stramma opp og festa lina i eit lite hakk i nærmaste, motsette enden. Avtrekkjaren var gjerne berre fingeren. Pila, ei lita tynn «flis» med vele vart lagd opp i sporet på stokken slik at me hadde ei viss kontroll med retninga. Desse pilene kunne gå ganske langt og stundom kunne dei koma farleg nær. Men moro var det.

Ved aurebekken. Om haustane når bekkene var stor etter mykje nedbør, drog me eides-gutane vest i marka til Djupadal-bekken. Der gjekk auren opp – heilt frå Eidesvatnet og til der stølsvegen kryssa bekken. Me tok auren med nevane, eller hov, eller med garn. Me laga/batt garna sjølve, og laga både kjevle og nål. Oppe i fjellet var ein kristtorn, eller beinved som me kalla det. Der fann me gode, litt harde treslag til føremålet. Eg trur eg har ei nål enno som eg laga den gongen. Garna var berre 2-3 m og om lag 1m djupe. Dei skulle berre rekkja over bekken, og den var jamt over ikkje breiare.

Dei fleste aurane var under eit halvt kg. Men det hende at me fekk dei oppi 2-3 kg. Men då hadde me gjerne eit trollgarn nede ved vatnet utanfor elvamunningen. Auren me fekk var nok prega av at den gjekk i «gytemodus» og ikkje heilt topp kvalitet. Men me brukte den av og til steikt til middag. Det var vel kanskje helst spenninga med å fanga den flotte fisken som var drivkrafta vår nokre få år i oppveksten.

Slåtonna var ei hektisk tid på det vesle bruket. Me brukte hesten til å dra slåmaskinen på dei store bakkane. Eg var ikkje så gamal då eg styrde hesten og slåmaskinen. Eg sat på doningen der det var lange strekkjer, inne i myra og nede i dalen. Av og til måtte det «ryddast» framfor kniven slik at den fekk tak i graset. Hesten sleit tungt, det såg eg tydeleg. Han pusta og pesa, og me måtte stoppa ofte slik at han fekk «ta seg att» inn i mellom. Eg trur ikkje hesten likte den jobben. Då han bles i nasa, rista på hovudet, og la øyro bakover, gav han tydeleg teikn om kva han meinte. Men det var inga bønn, jobben måtte gjerast på den måten den gongen, og hesten var den beste «arbeidaren» til slikt bruk. Av og til tykte eg litt synd på hesten. Han måtte få litt «trøyst» for alt strevet. Så litt «snadder» – ein neve med havremjøl – til hesten av og til trur eg var bra for psyken.

Far måtte passa på at hesten hadde gode sko. Det å sko hesten var og ganske spesielt. Hoven vart «reinskoren» og filt til slik at skoen sat godt. Så vart det spikra saum gjennom skoen og hoven. Til slutt vart saumen klypt av, og slik at litt av saumen kunne bøyast inn mot hoven. På den måten sat skoen godt fast i hoven. Det såg ut som at hesten likt å få nye sko av og til. Seinare, då tida var inne for det, fekk me motorslåmaskin – to-hjular. Då var det mannen bak maskina som måtte slita. På dei mindre bakkane, brukte me langorv og stuttorv. Eg tykte det var kjekt

å slå med ljå, særleg når eg fekk ein ny-slipt ein. Lyden frå ljåen var spesiell når den var kvass, og det gjerne var litt dogg i graset. Saman med grashopparen sin tirrelyd og myggen sine iltre kvin, gav det kjensler som høyrdé sumaren til. I smågras-teigar, gjerne litt mosegrodde, fann me ofte honning – humle-honing. Den var sot og god. Ei viss «belønning» tykte me det var for strevet då me fann honningbølet.

Slåmaskinkniven og ljåane måtte slipast. Det var far sin jobb. Me borna, når me var store nok, drog slipesteinen. Det var ein trasig jobb hugsar eg. Tungt var det når mange knivar og ljåar skulle slipast. Når myggen (smikka) var på sitt verste, var det mest ikkje til å halda ut. Mange år skulle gå før me fekk elektrisitet til gards. 1953 var året. Men då gjekk det ikkje lenge før det vart sett motor på slipesteinen så me kunne slipa etter behov åleine.

Søndagskule og møte på bedehuset høyrdé med, og var ein sjølvsga del av tilværet mitt den gongen. Eg hugsar berre svakt dei lærarane me hadde. Jørgen Hovland, Nils Olson, Ingrid Vorland/Samdal, var nokre. Dei mest kjente bibelske hendingane vart «malte fram» – Jesus stilte stormen på Genesaretsjøen, Jesus i Getsemane, Jesus rei inn i Jerusalem, Jesus metta 5000 med 5 brød og 2 fiskar, Jesus lækte sjuke, og mykje meir. På møta song av og til musikklag og kor. Tekstane var tydelege: «To veier ligger foran, og en må du gå...» eller: «O la mitt liv om Jesus tale». Eg forstod nok ikkje den gongen kor dei bibelske sanningane påverka oss, men noko fall vel i «god jord» for dei av oss som har teke dette med seg vidare i livet. Lite visste eg då at eg seinare skulle få sjå desse stadene som me høyrdé om i barndomen på bedehuset. Her – akkurat her i Israel gjekk Meisteren og gjorde vel, og

oppretta på nytt der Adam svikta så stort. Der Han forkynte sanning om vegen, om liv og død, frelse og fridom, og nåde for alle. Korleis ville verda sett ut utan dei 10 bod? Han oppheva ikkje lova, men oppfylte den. Han kom frå jødane – var hata, hata til døde, men og mest elskar av alle dei som skjøna kva for eit verk Meisteren gjorde. Det var stort å oppleva å stå mellom dei eldgamle trea i Getsemane-hagen. Dei stod der nærmast som vitne til dramaet for 2000 år sidan. Ord vert så fattige, dei strekk ikkje til i slike stunder.

Sundagen var også ofte kyrkjedag. I den gamle kyrkja på Vorland vart eg både døypt og konfirmert. Der var me også som oftast då me gjekk for presten – som det heiter. Og her ligg forfedrane mine, og store deler av slekta mi gravlagde.

Sundagsmiddagen skilde seg ut i høve til kvardagane. Sundag etter kyrkjedag var på ein måte prega av høgtid. Etter 6 dagar med tungt arbeid for dei vaksne, trøng kroppen ein kviledag og gjerne annleis også i matvegen.

Eg hugsar best kjøttkakene, mors kjøttkaker med mjølne poteter, eigne grønsaker og brun saus, som berre var ei stor matoppleveling. Det var vel då uttrykket kom frå Erling: «Svolten i munnen, men mett i magen». Etter maten skulle alltid far lesa frå Bibelen eller ei andaktsbok. Det tok tid, unødvendig lang tid, tykte eg. Når me høyrdé dei andre borna utanfor huset fullt opptatt med leik, synest eg det var vanskeleg å sitja i ro. Men våre foreldre syntest nok at eit fullverdig menneskeliv måtte innehalda både åndeleg og timeleg føde. «Du lever ikkje berre av brød åleine» veit du. Med ei åndeleg ballast i livet, kan du lettare styra utanom dei «skumle skjæra» som alltid vil finnast i kvar ein av oss si livslei.

Bestemor og bestefar budde i eige lite kårhus på haugen bortafor oss. Eg var det eldste gutebarnebarnet etter bestemor. Bestefar hadde vore gift før, men kona døydde tidleg, og han gifte seg opp att med Sofie som var ein god del (14 år) yngre. Bestemor døydde tidleg – 1942 og bestefar i 1945. Eg har to tydelege minne etter bestemor. Det var då ho hadde mjølka den eine kua si og Erling måtte få ein kopp spena-varm mjølk. Han stod å trippa – det gjekk visst ikkje fort nok for bestemor å få oppi koppen. Den andre gongen var i bryllaupet til onkel Torvald og tante Agnes med båten Norsemann til Buavåg. Eg minnest bestemor som snill og venleg. Men ho var nok ikkje



Den gamle kyrkja på Vorland frå 1621.



Eg hugsa godt både bestemor Sofie og bestefar Lauritz på Eide. Bestemor døydde i 1942, og bestefar i 1945.

heilt frisk på den tid eg hugsar henne best. Og det var stor sorg i familien då ho døydde. Bestefar har eg nokre fleire minne frå. Han sat i gyngestolen sin i stova på haugen, prøvde å syngja litt til oss. Men noko stor songar var han ikkje. Det oppdaga me ganske fort. Av og til kom han gåande over Vågaleitet og bort til huset vårt. Han gjekk med stav, litt bøygd framover, og med ullvottar om sumaren. Å gå med vottar om sumaren tykte me var underleg.

Tante Tilla var mykje heime på den tid og stelte for faren sin. Ho var ikkje gift då. Bestefar var samfunnsinteressert, var ordførar, var banksjef, og var med å starta lag av Misjonssambandet på sora Bømlo. Han hadde ikkje spesielt god helse, og var i periodar sjukleg og sengeliggjande. I desse periodane måtte far trå til og hjelpe til på garden og elles anna arbeid. Far fekk nok ikkje den skulegangen han kunne ynskja. Han gjekk på Framnes Ungdomsskule som det då heite, men berre halve tida fordi faren var sjuk og han måtte heim å hjelpe til.

Eg hugsar godt den dagen bestemor skulle gravleggjast, ikkje så mykje om seremonien, men då kista skulle køyrast til gravplassen. Det var første gongen eg kan hugsa å ha vore med på noko slikt. Kista vart plassert på ein slede. Hesten vår, Sonja, var av den «raske sorten», ikkje så lett å få den til å gå sakte, anstendig og fint, og ho skjøna nok ikkje heilt alvoret i situasjonen. For eg synest at hesten ikkje oppførte seg skikkeleg i ei slik alvorleg stund. Eller, kan det henda at hesten likevel forstod at noko spesielt hadde hendt, noko heilt utanom det vanlege?

«Kvardagen»

heime var stort sett på det gjevne. Vinteren fram til påske, var ei rolig tid for oss som var heime. Mor var alltid først oppe og fyrt i omnene, og laga frukost. Ho gjorde husarbeid, fjøsarbeid, kara ull, spann tråd på rokken, strikka, sydde m.m. Alt dette hadde ho nok fått med seg frå sin heim på Sikvaland. Far var ofte ute på silda-fiske på den tid. Me borna tutla på med vårt. Litt skulearbeid, og litt hjelp i fjøsen pluss mykje fritidsaktivitetar. I periodar, særleg om haustkveldane tok far sildegarna inn i stova for å bøta dei. Det var då me òg lærte både å «bitta, fedla», og bøta garn. Me brukte ein eigen liten kniv tilpassa/festa til ein finger på høgre handa for raskt å kutta tråden. Me lærte då dei spesielle knutane som gjorde at moskane ikkje drog seg skeive. Det var eigentleg eit triveleg arbeid, og så var det særstund.

Om vintrane brukte me ein del kol og koks i tillegg til torv å fyra og å koka med. Stundom duppa me torva i solar for å få den til å brenna betre. Parafin til lampane hadde me på fat utanfor kjellardøra. Der brukte me ein slange og saug parafin til me kjente det i munnen. Så var det å få det til å renna oppi eit høveleg stort spenn – eit lite lager til lampane. Ja, litt spytting vart det etter ein slik operasjon.

Hesten, Sonja, var litt kjapp i vendingane som sagt, og litt nøyen på kven som heldt i taumane. Han godkjende ikkje kven som helst til å styra seg. Fleire hestar gjekk saman lause i marka i periodar. Det trur eg dei likte. For når me skulle henta dei heim, måtte me helst gjera det litt forsiktig. Vår hest visste nok at no måtte han heim for å arbeida. Og det veit eg ikkje om han likte så godt. Det var viktig å «snakka» med hesten når seletøyet skulle på, og når me skulle spenna han føre kjerra, sleden eller anna reiskap. Men både Erling og eg vart godtekne som kusk alt då me var barn.

Det einaste eg hugsar av mangelvara, var skikkeleg smør, sukker, kaffi, og såpe. Dei vaksne syntest den sokalla erstatnings-kaffi slett ikkje var noko særleg. Stort sett var me sjølvforsynt med det meste av matvarer. I løa stod ein sekkr med havremjøl som eg forsynte meg med iblant. Av og til fann eg eit egg i hønsehuset, pikka hol på skalet og drakk innhaldet rått. Rå poteter, gulrot, og kålrabi, fann eg og åt det eg ville. Livet den gongen var stort sett å leva enkelt, ha nok, arbeida utan stress, og vera nøgd med det.

Dei lengste reisene mange hadde i dei dagar var gjerne til eit årsmøte med ein fiskebåt – ein dagstur. Det var

store ting, og samtaleemne i lang tid etterpå. Ferie var det lite av, og slett ikkje lange reiser. Likevel kan det henda at livskvaliteten kanskje var større då enn no med all denne overflod, «velstanden» og rikdomen med store miljøproblem som konsekvens.

Maten i vekedagane elles, var ofte salta kjøt og erter, spekesild, salt fisk, klippfisk, spekjekjøt (fenalår), poteter og havregraut. Kjøleskap og fryseboks var ikkje på plass då. Eg hugsar ein gong eg var så lei av sild og poteter at eg måtte kasta opp. Nett den dagen hadde me besøk av ein emissær. (Truleg frå Finnmark-misjonen). Det var berre han og eg i stova akkurat då. Eg fekk så vidt opp vindauge før spruten kom. Eg lurar på kva han tenkte, men så vidt eg hugsar vart det ikkje gjort noko stort nummer av hendinga.

Telefon? - nei. Det var ikkje mange som hadde det der ute på den tid. Av og til var eg innom telegrafstasjonen og såg på då han Jørgen tok imot telefonar og kopla opp til dei få som hadde apparat heime eller i butikken. Han Jørgen la om stemmebruken tykte eg når han snakka i telefonen. Det var vel byfolk han snakka med då tenkte eg. «Hvem er det..? Det er...NN. Hvem vil de snakke med hr NN.? – namnet? ja, ja, et øyeblikk.» Så drog han i leidningane, sette dei (tappen) i andre hol i eit panel. Ja, han hadde mange hol å velja i, men han Jørgen trefte visst alltid det rette holet. Og så drog han i eit handtak, ringde eit ring til den, to ring til ein annan og tre ring til endå ein annan. «Hallo, er det noen der hos...? Ja, ja. verse god, telefon til dem frue.»

«Treskoposten» og avisar + misjonsblader, var det me hadde for å skaffa oss nyhende utanfrå. Ja, og så rek me rundt – ikkje i bil nei, men på tresko og kom i kontakt med alle slags folk, tilreisande, bygdefolk som me trefte ofte, og «fisjeladdar» som spurde om alt mogleg. Stundom var me innom butikken til Tønnes i Kåso. Der var det mest alltid noko interessant å sjå og høyre. Butikken var ikkje stor. Mellom kundane og betjeninga, var det ein disk med luke i som kunne vippast opp om nokon hadde ærend på andre sida. Langs veggen bak kundane var ein benk til å sitja på til dess det var min tur å handla. Diskusjonane i denne vesle butikken kunne vera ganske intense. Og alle kom til orde. Ordstyrar var det ikkje bruk for. Mange fekk kanskje utlaup for sine meininger, frustrasjonar, eller gode idear til nytte for samfunnet – at det ganske enkelt var ei viss mentalhygiene i desse små butikk-møta hjå Tønnes rett etter krigen og utover. Far var

sjeldan på butikken. Han var mykje oppteken i styr og stell i kommunen i ulike samanhengar, og hadde nok mange kontaktar rundt omkring.

Brødkassane var store og tunge den gongen. Folk var visst sterkare då enn no. I alle fall meir vant til å slita på tunge ting. Varene vart ofte henta på Zalahuset med robåt. Dampen la til der. Det var alltid god lukt i butikken til Tønnes. Nysteikte brød frå Hauge & Lindås (1924) blanda med lukta frå mange andre varer. Han selde det meste i smått – frå parafin, bensin, sirup, spekepölser, ja eg veit ikkje kva. Det lukta i alle fall godt.

Om sundags-morgenar ved frukostbordet kom han Mattias med mjølkespannet sitt for å henta to liter mjølk. Både han og far var samfunnsinteressert (far var ordførar frå 1947 og ut året 1962) og prata mykje om kva som måtte gjerast for å få til eit «betre lokalsamfunn.» Mor blanda seg sjeldan inn i desse diskusjonane, og me borna sat som ljós og hørde etter – ikkje eit pip frå oss då – disiplin og respekt når dei vaksne snakka, det var kulturen den gongen. Då skulle me teia. I dag er det vel helst slik at dei vaksne skal teia. Me må ikkje hemma ei sunn utvikling hjå avkomet, må veta! Men så ser me og kva det har ført til – me som har opplevd heile historia i ettertid.

Omkring påsketider fekk me gjerne besøk av «tante og onkel» frå Bergen. Dei hadde ofte med seg ting som me tykte var interessant. Det besto gjerne av bøker, teiknesaker, malar-skrin, fiskeutstyr, slireknivar og mangt anna. Onkel Jan las mykje til oss frå forskjellige gute-bøker, spanande forteljingar frå Afrika – eks Leopardmennene, var ei. Nokre gonger gjekk me til Eidesvatnet, heilt til vestsida av vatnet for å fiska aure med makk. Fiskestanga var ei passeleg lang og tynn haslestang som me fann oppe i lia. Stundom brukte me oter og «otra» langs land eller frå båt. Som regel fekk me nok fisk til ein middag. Steikt aure var ganske godt, og så var det frå eige vatn.

Det hendte at onkel Jan var med då torvet skulle heim frå myra. Me fylte opp i sekkene, mange jutesekker, og la dei på sleden og køyrdet det heim i skuten med hesten. Torva skulle nok koma vel med til vinteren når kulda sette inn. Førsteklasses brensel var det vel ikkje, men likevel eit godt tilskot, og så var det billig – mest berre eige arbeid som ikkje kosta noko.

Tresking gjekk på omgang på eides-gardane nokre år. Då var mange samla, smått og stort både for å hjelpe og for å sjå. Eit år hadde me kornåker inne i myra. Det skulle vara bra for jorda og vokstrane at ulike produkt, som gras, korn, poteter og grønsaker vart veksle på. Etter at kornet var turka skikkeleg – på staur, samla me det saman for tresking. Den såkalla drøftemaskina, den som skil kornet frå halmen, var tung å dra. To velvaksne karar måtte til, og dei klarte heller ikkje å halda på lenge. Eit år skulle me prøva noko nytt. Han Elias, trur eg han heite, hadde ein gamal 4 hk oppfyringsmotor som skulle dra den tunge drøftemaskina. Kor effektivt det nye tiltaket var, hugsar eg ikkje, men det eg hugsar, var at motoren tok ut noko voldsomt, og var ikkje til å stoppa. Motoren hoppa og riste på fundamentet, bråka og raste av garde så han sikkert aldri har gjort nokon gong før. Mange hadde meinung om korleis motoren skulle stoppast. Men alt har sin ende, og også dette sirkuset tok slutt. Mykje gratis moro var det i alle fall. Ikkje underleg at mange hadde lyst å vera med. Men kornet vart alltid treska ferdig før me avslutta enten med handamakt som før, eller på ein meir eller mindre «framtidssretta» måte. Det er jo og viktig å prøva noko nytt. Gode idear treng som oftast litt bearbeiding før dei vert heilt gode.

Det var me gutungane som fekk «skittjobben» med å dra halmen ut oppe på skukken. Trongt var det og eit forferdeleg dumberok (stov rök). Me såg ikkje ut. Stov fekk me i augo, øyrer, hals, nase og elles heilt inn til skinnet. Munnbind og dusj var ukjent på den tid – til nød ein trestamp med varmt vatn. Rein skit var liksom ikkje noko å bry seg med. Ja, det såg faktisk ut så me talte det og. I etterkant har eg tenkt på om at me kanskje hadde godt av det? Men det vil vel ikkje det velsmurde helsevesenet i dag godkjenna.

Å baka og steikja flatt-brød var litt spesielt. Me hadde ein omn i kjellaren med ei stor jarnplate over (oppå). Eg trur me kunne steikja flattbrød som var om lag 60 cm i diameter. Bakstekonene, ja for det var alltid konene som sat og styrde fyren og gjorde dette arbeidet. Dei hadde gjerne eit forklede og noko kvitt på hovudet. På eit bord ved sida av kjevla dei ut deigen til tynne fine flak som dei elegant la over ei stang som var litt kona, og så – like elegant la heila greia ned på omnene og rulla det ut på plata. For å få jamn og god varme under plata brukte mor lyng å fyra med. Me fann lyng oppe i fjellet eller helst i marka. Det skulle mykje lyng til å steikja flattbrød og kanskje lefser òg, så me måtte gjerne ha fleire turar etter lyng. Det var

nokså vanleg å steikja flattbrød og lefser på den måten i krigen og like etter. Av og til kunne me sjå «vodlarane» koma ned Skitnadalen i rad og rekke med kvar si lyngbør. Då hadde dei henta lyng nord i marka. Dei og me gjekk ofte barføtte om sumrane – i marka og på grusvegane. Huda under føtene vart tjukk og seig då. Orm? – nei, det trur eg ikkje me tenkte mykje på, og aldri hørde eg om at nokon som vart biten heller. Det var heller ingen som kom på å skremma oss til å vera redde for slikt. Men dette var i den tida då me kanskje levde i litt fare utan heilt å vita det?

Vår-pussen – båt-pussen, var ein spesiell aktivitet kvar vår. Både større og mindre båtar fekk då ein omgang med skraping av laus sprukken gamal maling eller tjøre, og så etterpå – det som var kjekt – nemleg å mala, eller å tjørebret. Vårane, med sol og litt nordatrekk pluss groen/vokstrane, gav det turre våret som skulle til for å få maling og tjøre til å festa seg godt til treverket. Nokre mindre båtar vart gjerne malt under (bunnsmurde) ein gong om våren, og med helgane, ein dag eller to, vart liggjande i stranda for at dei skulle turka under. Desse korte stundene på land hindra groen å setja seg fast under båten. Det er vel den gode tjørelukta, våren, ljuset, stemninga, fuglane, lyden av bølgje-skulp fra rein frisk sjø som til saman gav gode minne omkring vår-pussen i gamle dagar.

Laga båt – henta materialet frå ei osp i Raudkleiv. Då var eg omlag 12 år. Det var ei passeleg stor osp med ei fin stamme utan kvist eg fann.

Om lag på same tid sende eg (via onkel Jan) ein teikning til bladet Kom og Se. Teikningen kom inn i bladet den, og det syntest eg var litt stas. Den båten eg ville laga, var lik den i bladet, så på den måten førelåg det på ein måte ein idé på korleis båten skulle sjå ut, men sjøvsagt utan skikkeleg byggjeteikningar.

Men det var kanskje ein forløpar til noko som kom seinare i livet – båt-interesse/teikning. Eg fekk mykje godt arbeid med denne båten. Først måtte eg bruka øks, så hoggejarn, kniv og «skjølp» (skylp). For at modellen ikkje skulle sprekkja, måtte eg smørja den godt inn med lyse. Lyse er fiskalever som har lege lenge og godgjort seg i eit kar. Etter kvart som tida gjekk vil ei klar gyllen veske flyta opp, og den brukte me til mange ting – sær fin til å smørja hendene med slik at dei held deg mjuke. Lukta av Lysen var ikkje spesielt god, ikkje akkurat parfyme, men den var bra til sitt bruk. Båten fekk etter kvart styrehus, dekk, mastrar,



Båten vart etter kvart prega av dårlig vedlikehald.

rigg, bly-kjøl og elles stort sett det som hører med på ein «50 fots fiskebåt». Båten vart mykje bruk i vatn og tjørnar då eg var i 12- årsalderen. Men etter kvart vart han òg prega av slitasje og vedlikehaldet – så som så. Men båten er framleis «i live» og står på naustet i Eidesvågen.

Israel – ca 1948. I ein skuletime, truleg bibelsoge, fekk me besøk av ein person (har ingen formeining i dag om kven det var) som fortalte nytt frå Israel. Israel var blitt oppretta som eigen stat, vedteke i FN med meir enn 2/3 fleirtal 27. nov. 1947. Dette var ei stor hending i historia og nok ein profeti som gjekk i oppfylling i vår tid. Israel og jødane, er rett og slett beiset på Guds eksistens. Eg hugsar ikkje særleg mykje av detaljane i denne mannen sin time, men hendinga gjorde såpass sterkt inntrykk i mitt unge liv at eg seinare har vore spesielt interessert i Israel, profetiane, historia før og no, og kanskje særleg etter 1860 og til i dag. Jødehat? – det er ikkje nytt, men har vore lenge før staten Israel vart oppretta, ja, heilt frå om lag 650 e.Kr.

Var me berre snille og lydige me som vaks opp på den tid? Skal eg vera ærleg – og det skal me jo alltid vera, sa ein til meg ein gong – så må eg vel svara nei på det, men dei grove kjettringstrekane vil eg påstå me heldt oss borte frå. I denne samanheng vil eg nemna eit par hendingar:

Me gjekk med tresko. I Kåso låg båten MK «Normann», båten til «teinevikjen». Ja, eg meinat me var fleire om det. Det var vår og båten var nymala. Styrehuset var kvitmala. Me kleiv opp på styrehustaket, tok sot frå eksosrøyra og klinte det på treskoen. Dei vart svarte glinsande og fine. Men me hadde rikeleg eksos/sverta på fingrane, og den måtte me få av. Det gjorde me ganske enkelt ved å turka av på det ny-mala

styrehuset. På bygda fekk me høyra om hendinga, men alle me som var med på det, var tause. Omsider vart hendinga gløymd – til ein dag. Men alt kjem jo for ein dag ein gong enten me likar det eller ikkje, heiter det, og det stemmer nok. Og som ein lærar sa til sine elevar på Framnes: «Du går fortida di i møte». Det kunne vera noko å tenkja på for ein ungdom. – ein gong der framme vil me «møta oss sjølve i døra». Erkjenning og oppgjerd kan då verta nødvendig for å koma vidare i livet, og å leggja det vonde bak, om ikkje før så i «den siste motbakken» i livet.

Det var i Kåso det skjedde, og på kaien til den same «teinevikjen». Det var vel slik, trur eg, at MK «Normann» førté sild i kassar. Ein gong var det stabla eit stort lager med kassar der på kaien. Båten og mannskapet var ute ein tur. Då var tida inne til å aksjonera. Den gongen òg, var me fleire – nokre større gutar som førté an. Då båten kom att frå tur, la nokre om bord merke til at kassalageret hadde vakse kraftig. Slik var det ikkje då dei la frå kaien. Kva hadde skjedd? Jo, med stor iver hadde me laga eit stort rom inne i kassalageret. Eg trur det var både benkar og bord – fint å vera, og få som visste om det. Vaksne folk observerer stort sett dårlig, fann me ut.

Framhaldskule. Ja, dei kalla det framhaldskule. Den bestod i to deler – ein praktisk del, tresløyd, i tre mndr., og ein teoretisk del i tre mndr. med dei vanlege skulefag som rekning, skriving/stil, soge mm. Nokre gjekk berre sløyd-delen og nokre gjekk berre teoridelen. Nokre få gjekk begge deler. Eg var ein av dei. Me heldt til i den «gamle» skulen (annekset) både med sløyd og teori, og til heilt forskjellige tider på året. Me hadde ein sløydlærar som eg oppfatta som svært dyktig. Me lærte å slipa, fila, setja opp verktøyet, og å bruaka det. Dessutan lærte me å ta ut eigna materialar til det me skulle laga. Etter endt skuletid hadde me ei form for avslutning, og utstilling av det som var laga. Mange gav uttrykk for mykje bra handverk i form av ulike typar møblar. Eg trur dei fleste hadde stort utbytte av dette kurset i tresløyd.

Det teoretiske kurset er litt vanskelegare å vurdera kvaliteten på. Me hadde ei ganske ung lærarinne som var flink, men som me elevane kanskje ikkje alltid tok alvorleg. Skulle gjerne treft ho att. Eg har ikkje noko dokument eller bevis som viser at eg har vore på desse kursa. Kanskje skulen har noko arkiv frå denne tida?

Dei viktigaste lærarane i folkeskulen, var fru Lodden og Brakestad. Det set nok ein god del att, bevisst eller u-bevisst etter alle åra me vart prega av desse to. Me levde i ei tid då me hadde stor respekt for læraren. Skulen gjekk me på annankvar dag den gongen. Dei viktigaste faga var norsk, rekning, landkunna/geografi, bibelsoge/kristendom og noregssoge. Så hadde me nokre timar med song, teikning, og gymnastikk/kropsøving. Så vidt eg hugsar, likte eg godt dei fleste faga. Men teikning, geometri, og gymnastikk, tykte eg kanskje var basen. Det me ikkje lærte var språk, engelsk. Det var nærmast ei lita ulukke at me ikkje fekk læra språk i folkeskulen. Men kven skulle tru den gongen at det kunne verta så viktig? Og no er det vel for seint å søkja erstatning for den feilen våre skulestyresmakter gjorde, og som sikkert har hemma oss kraftig i vår utvikling. (he, he)

Kvar elev hadde kvar sin pult med ryggstøtte. Den var av tre, ei plate litt skrå og plass til eit pennalhus og blekkhus framføre setet, og ei hylle under plata. Me brukte blyantar å skriva med, ja, og lause pennar som vart sett inn i ein pennehaldar. Pennen duppa me i blekkhuset. Den måtte ikkje doppast for djupt for då kunne blekket dropla av. Men av og til slepte pennen blekket og det vart ein solid blekk-klatt som me «turka» vekk – ikkje heilt vekk – med eit trekkpapir. Framme – bak læraren hang karta – mange kart over Noreg, Europa og Israel m.fl. Mot veggen hang også ei tavle. Eg trur ho var svart den gongen. I dag har «vitarane» funne ut at den må vera grøn. Fargen er viktig for eit eller anna. Merkeleg å tenkja på kor mange ting som var feil før. Rart at vår generasjon har kome gjennom livet med helsa og forstand nokolunde i behald.

Me hadde nista med oss på skulen. Midt på dagen, i klasserommet, i pulten me sat på, saman med mjølk, vart den fortært. Om vintrane når det var kaldt, vart det fyrt i den store runde omnen. Av og til var den raudglødande, og temmeleg varmt for dei som sat nærmast. Nokre gonger sette me mjølkeflaskene bort til omnen slik at innhaldet vart litt lunka. Eg ser for meg fru Lodden riv sund papir frå gamle utrangerte bøker o.l. når ho skulle fyra opp i omnen. Omnen var stor, så eg trur det vart lagd inn heile vedaskier, og dei vermdie godt.

For presten gjekk me om våren/sumaren 1950 og konfirmert utpå hausten. Peter Hermansen (1912 – 2008) var vår prest – respektert og godt likt. Røysta hans var kraftfull og tydeleg – ei god radiorøyst med



Peter Hermansen.

tydeleg bodskap. Han køyrdé motorsykkelen frå Finnås og til den gamle kyrkja på Vorland der me som oftast var samla til møta våre. Me gjekk saman med dei på Vika/Holme og Espenvær. Så vidt eg veit er det ingen foto frå konfirmasjonstida vår. Men me var fem frå Vika/Holme, fem frå Espenvær, og 10 frå Hillestveit. Presteleksa var salmevers, katekisme og bibelhistorie. Eg trur – fekk inntrykk av, at presten var særslig glade i salmane skrivne av Martin Luther. «Vår Gud han er så fast ei borg», var ein av salmane me lærte hugsar eg. Me fekk heimelekse som me vart hørde i på neste samling.

Utan kunnskap om dei Bibelske sanningar, vil trua forvittra, var kyrkja sin bodskap den gongen.

Det å fiske med drivgarn var ei oppleveling eg sette pris på, men likevel glad for at eg ikkje vart yrkesfiskar. Første gongen eg var med på det, var vinteren etter at eg var konfirmert. Det var nokså vanleg at unggutane skulle ut i eit eller anna arbeid, tena seg nokre kroner, få erfaring frå arbeidslivet i eit eller anna fag, og så ev. gå ein eller annan skule etterpå. Om bord på MK «Doggen» kalla dei meg berre guten for eg var den yngste i gjengen. Dei fleste valde fiske- eller sjømannsyrke på min heimstad, og fleire i den generasjonen vart sjøoffiserar. Berre eg valde – etter nokre vintrar på fiske – eit yrke innan bygg/anlegg/teknisk av dei eg vaks opp saman med.

Eg hugsar godt den dagen onkel Torvald spurde om eg ville vera med på «driving» etter sild. Staden var

vegen mellom Eidesvågen og Hatten. «Ja, ja, du må spørja dei heime før du kan svara», sa han. Det var ikkje vanskeleg å få lov til det. 15 år – å gå heime, var unormalt og meiningslaust. Men fiskaryrket på den tid var ikkje nokon dans på roser. Det trur eg fleire har erfart.

Mannskapet – 8 personar, mannfolk, var med for å gjera båten klar. Ballast vart teke om bord, og det var viktig å gjera den jobben skikkeleg. Me brukte runde steinar – 4-5 kg tunge vil eg tippa. Dei vart lagde nedst i rommet, og deretter støypt ei sementplate oppå med eit spor i midten langsetter rommet mellom skotta forut og akter. Dette vart gjort for at lasta, silda, ikkje skulle forskyva seg og føra til slagseite på båten. Uhell kunne dermed oppstå i dårleg vær.

Så var det å få alt det andre som me skulle ha med om bord. Garn, kabel (tjukt langt tau), blåser, skjertar m.m. til om lag 40 garn trur eg me måtte finna plass til – rett plass for det var ikkje all verdas plass på ein 60 fots fiskebåt. Ein god del proviant måtte me òg ha med. Ola Barane var vel den siste stasjonen før avreise nordover til Måløy-området. Motoren, ein 60 hk Rubb, ein cylinder, arbeidde jevnt og sikkert i alle slags vær. Den motorlyden vil for mange av den generasjonen stå som edel musikk i øyra. Den lyden kunne ein sova til, vakna til, arbeida til, og rett og slett slappa av til, og det kjendest mest som noko som hørde med i ein god samanheng.

I Måløy låg det ofte hundrevis av fiskebåtar og venta på at nokon skulle finna den første silda. For den vart gjerne best betalt. Då var det viktig å vera «på hogget» klar til innsats. Ja, og den feitaste silda var også serdeles god å eta tykte eg, og full av vitaminer.

På feltet kunne det til tider vera ganske tett med båtar, og av og til vart det «klabb og babb». Reiskapen tørna i hop og laga vasar – klyser med tau, garn og blåser.



Om bord i "Doggen".

F.v.: Torvald Eide, Alfred Vold, Lauritz Eide, Leif Vold, Sigvald Eide, Kåre Vorland, Enok Eide.

Ekkolodd hadde me om bord. Det var alltid spanande å sjå og fylgia med om det var noko, kor mykje, kor djupt silda stod. Leiting etter silda tok ofte lang tid. Venting i oljekler og støvlar var ofte kjedelege timer. Men når ordren frå skipperen kom at no set me garna, var det full fres og alle mann fann sin plass kjapt. Driving vart dette fisket kalla. Etter at garna var settet, vart me liggjande og driva med kabelen som bindeledd mellom båt og garnlenka. Det hende stundom at motoren vart stoppa. Det vart så underleg stille. Me kunne høyra at det knaka og knast i båten sine trekonstruksjonar. Det var liksom ikkje heilt rette lyden, men det vart ein vane det òg.

To timars vakt på kvar mann var standard når me låg og dreiv slik etter lenkjen. Stort sett var det å sjå etter fyrrar og andre båtar, vera obs på grunner, og at straum og vind ikkje førde oss i feil retning. Som 15-åring tykte eg nok at dei måtte ha gode nervar dei 7 andre som låg og sov nede i lugarane og overlèt ansvaret til ein så ung og u-erfaren kar. Men den gongen var dette sjølvsagt. 15 år, og tida var inne til å ta ansvar. I dag, åleine? truleg ulovleg. På slike vakter fekk me også god tid til å tenkja over livets mange store og viktige spørsmål.

Sild fekk me. Det hende eit par gonger at garna var så fulle at bussen rivna frå tenelen og dermed forsvann silda i djupet. Det var eit trist syn, og kjendest vondt langt inn i sjela.



Garna vert hengd opp til turk.

Dette føregjekk så tidleg på 50-talet at grådigheita i fiskeriet ikkje hadde teke overhand. Sløsing var ikkje ei god sak. Uttrykket «guds frykt med nøy somhet» var kjent og ofte brukt den gongen. Seinare trudde mange at havet var u-utømmeleg, ein ressurs så stor at det ingen ende ville ta. Havforskarane åtvara, men dei hadde jo inga peiling på kva dei snakka om, var meldinga frå enkelte forståsegpaarar. Men så, brått og uventa var det nærmast full stopp i fisket og det tok mange år før sildestamma tok seg såpass opp att at fisket kunne taka til att, og då etter strenge kvotar. Det vart ein lærepeng for dei fleste, men dverre ikkje for alle. Den same grådige ånda vil nok leva lenge, for ikkje å seia evig.

Lossing av silda var ofte ein stri jobb. Etter ein tur på sjøen med mange hl sild på kjølen, så måtte me lossa. Me var ofte trøtte etter ein slik tur, og det å lossa var ganske slitsamt. Stundom fekk me lossegjeng om bord som gjorde tungarbeidet. Sildoljefabrikkane tok imot. Dei var det mange av i det området kring Måløy. Etter kvart som fisket held på, vart det store bingar fulle av sild. Det vart visst tilsett eit konserverings-stoff som gjorde at silda skulle halda seg betre – ikkje rotna så fort. Etterpå vart den kokt og olja vart separert frå turrstoffet som vart til mjøl. Begge deler (olje og mjøl) var fin vara, vart det sagt.

Etter at båten var lossa, var det vår jobb å spyle rommet, dekk, planker og det som var tilgrisa med silderisp og slo. Båten måtte gjerast skikkeleg rein etter kvar gong den vart lossa. Betelskipet, «Elieser», låg alltid ved moloen i Måløy under storsildfisket.

«Elieser 4», trur eg den heitte, hadde sjukestove, sjukepleie, kjøkken, forsamlingssal og mannskap som både kunne styra båten, stella maskinen, laga mat, spela, tala og syngja og endå mykje meir. «Elieser» var det store samlingspunktet for fiskarane i Måløy. Møtesalen var som regel stappfull av fiskarar når det var helg eller når været på feltet var ubruklig. Kom du utafrå, frå frisk luft, måtte du rygga og ta fart eit par gonger fordi pumpelukta (lukta av rote sildeblod) stod som ein vegg i dørropninga. Den lukta var ikkje lett å få bort i ei handevending. Men pytt, dette var

for fiskarar – alle luktar likt, og på ein måte hørde det med til dette livet. Etter nokre minuttar i salen var du «tilvant - bedøvd», lukta forsvann og du berre hørde på ord og tonar frå podiet.

Etter sesongen skulle garna hengjast til turk. Hengjene var ganske høge – inga rekksverk eller noko form for støtte. Her måtte kvar passa seg sjølve. I mi tid som fiskar, var det ingen som kom til skade på noko vis.

Som regel vart dette fiske avslutta til påsketider. Etter at fisket var avslutta, skulle utstyr på land, og båten skulle vaskast skikkeleg med sterkt vaskemiddel, skurekost og fille. Så var den klar til nye oppdrag – anna fiske eller gå i fraktefart.

Lut (lott) fekk me òg. Så vidt eg hugsar, var luten etter første året mitt på drivgarnfiske med MK «Doggen» om lag 3000.- kr. Det tykte eg var mange pengar.

Eg meiner å ha hatt stor nytte av dei erfaringane eg gjorde då. Eg lærte å knyta tau – mange ulike knutar, lærte korleis båt og reiskap fungerte i sjøen, lærte å samarbeida og leva med andre på eit temmleag avgrensa område, styra etter kompass i allslags vær, og mykje meir.

Er det ikkje dette dei kallar realkompetanse – å gjera ting i staden for berre å lesa og høyra om korleis ting skal utførast?

Lauritz

“Kvar vart det då dei?”

Ved Bertha Marie Eidesvik

I årets utgave av Leidarsteidn har me laga ein reportasje der me har intervjua ei knippe bømlingar. Fellesnemnaren er at dei alle ein gong har budd på Bømlo. Kvar vart det då dei? Kva gjør dei på i dag?

Katrine Solheim Aas Oppvaksen på Eide



Mine foreldre heiter Jorunn Stavland og Martin Solheim. Mor jobba som hjelpepleiar på aldersheimen, på det som no er Bømlo Omsorgstun., og far som stuert på ein av Eidesvik-rederiet sine supplybåtar.

Eg har to eldre søsken. Reidun Stavland er busett på Stord, og jobbar som høgskulelektor på Høgskulen Stord/Haugesund, avdeling for sjukepleie. Steinar Solheim bur på Eide, og jobbar som elektrikar på LOS.

Eg hadde ein trygg og god oppvekst. Eg gjekk på Hillestveit barne- og ungdomsskule, og tok gymnas på Bømlo vidaregåande skule. Deretter tok eg mastergrad på Universitetet for Miljø og Bioteknologi på Ås.

I dag bur eg på Vegårshei i Aust-Agder. Det ligg ca. 4 mil fra Arendal, der eg i dag jobbar som seniorrådgjevar i Kystverket Sørøst. Eg flytta til Sørlandet fordi han eg no er gift med arva ein gard med buplikt. Me budde på denne garden frå 2001 og

fram til 2010, men pga. nedlegging av skule, sfo og barnehage, flytta me til nabokommunen. Me har fortsatt garden. Mannen min er ikkje odelsgut, men sidan mine svigerforeldre hadde to gardar, og den eine av to eldre brør fråskreiv seg odelsretten, fekk me muligkeit til å overta den eine garden.

Eg har ein gut på 13 år, ei jente på 10 år, ei jente på fem og fekk ein gut no i oktober. Både eg og mannen min jobbar 100%, og kvardagen som småbarnsforeldre er hektisk. Eg er saman med venner og prøver å få til litt andre fritidsaktiviteter, som for eksempel trening.

Eg prøver å komme heim til Bømlo så ofte eg kan. Det eg saknar med å ikkje bu på Bømlo, er den nære kontakten med gamle kjende, vakker vestlandslandskap og sjølufta. Eg kunne til tider ønske at Bømlo låg litt nærmare der eg bur, slik at det hadde vore mogeleg å gå på kaffibesøk eller dra på dagsturar til venner.

Jan Stian Vold

Oppvaksen på Vold



Eg er son til Roald og Aud Jorunn Vold, og vaks opp på haugen på «Vold». Pappa er dagleg leiar på Eidesvik setjefiskanlegg og mamma er styrar i Langevåg barnehage. Eg har to sysken, Ann Helen Vold og Espen Vold. Ann Helen bur på Ågotnes utanfor Bergen og Espen på Bremnes.

Eg hadde ein veldig fin oppvekst på Bømlo og minnast den med glede. Henga i Kåså, susa rundt på moped, ungdomsklubb på grøndehuset, dans på ferjekaien, bada i Lønningsvatnet, fotball på skulen og oppe på fotballbanen. Alltid noko å gjera med gode kameratar. Det var ei fin tid.

I dag bur eg på Tertnes i Bergen. Eg flytta etter gymnaset på Bremnes, hadde akkurat fylt 19 år då eg sette meg på båten. Eg flytta for å byrja på Universitetet i Bergen, der eg tok til med studiar i statsvitenskap.

Egentleg skulle eg til Oslo, men ombestemte meg i siste liten. Det er eg svært glad for. Eg er bømling og vestlending, og trivst best her.

Så fekk eg meg jobb i TV 2 og har jobba med journalistikk og media sidan. No jobbar eg som nyheit-

sredaktør i Bergens Tidende. Travel, men kjekk jobb. Eg er gift med Randi Elise Vold, som er lærar i Lindås. Ho er eigentleg frå Haugesund, og har aner på Moster.

Eg har tre døtrer; Elida Sofie (13), Lea Mathilde (11) og Anna Linnea (9). Dei har vore mykje på Bømlo opp gjennom åra, og likar seg godt der. Seinast i sommar var me på fest på bygdatunet under årets Kystsogedager, det var kjekt. Imponerande kva ein har fått til der.

Eg saknar sjølvsagt familien min. Eg hadde jo både farfar Sigurd Vold, farmor Helene Vold – samt tantar, onklar og søskenhorn – rundt meg då eg vaks opp. Det er noko eg synest det er litt leit at mine barn ikkje får oppleve.

Med travel jobb og tre jenter som har mange aktivitetar, blir det ikkje så mange turar heim som eg skulle ønskje. Det var litt lettare før, men me prøver alltid å kome heim til høgtider og bursdagar. Heldigvis er foreldra mine flinke til å kome på besøk i Bergen. I tillegg har dei fått seg hytte i «bømlafeltet» på Seljestad, så me treffest ein heil del der.

Berit Tønnesen

Oppvaksen på Kallevåg



Eg er dotter til Kristine og Edvin Kallevåg, og er nummer fire i ein søskensflokk på fem. Terje er eldst, så kjem Arnold, Else Karin, meg og Svein. Terje og Svein bur på Bømlo, medan Arnold bur på Døle og eg og Else Karin i Haugesund.

Eg vart født heime i stova på Kallevåg. På den tida måtte jordmora bestillast, og det hadde ikkje mamma gjort. Ho hadde tenkt å reise til Haugesund for å føde der, men eg hadde det travelt og meldte min ankomst før tida. Det var pappa som måtte få tak i jordmora, og det drøyde ei stund før ho kom. Dessutan måtte ho har ein kopp med ”jordmorkaffi” før ho kunne begynne å jobbe.

Eg hadde ein trygg oppvekst, med to gode foreldre. Eg var ei pappajente, og det var mykje ”knoving” i armskroken hans når han låg på ”benken” og kvilte etter jobb. Eg huskar og søndagsmorgenane, når alle fem barna kom inn på soverommet til mamma og pappa, og ”masserte” pappa på ryggen med å gå på han.

Mamma var heimearbeidande. Om våren sådde ho tomatfrø i akebretta våre, til dei var store nok til å plantast i drivhuset. Tomatene vart selde etterkvart, men mamma var ikkje den som likte å ta imot

betaling, så for å gjere det godt igjen, fekk folk som regel ein pose småtomater med på kjøpet, og dei var gode som snop.

Eg gjekk ni år på Hillestveit skule. Me var 13 elevar i klassen, og var så heldige å få Berge Olson til klasseforstandar. Det var ei kjekk tid med verdens beste lærar. Eg var og veldig glad i medelevane mine, me var som ein stor familie. Berge var flink til å læra ifrå seg og tok oss med på tur i bilen sin til ”Åridalen” og andre småturuar. Når éin i klassen hadde gebursdag så fant Berge fram eventyrboka og leste for oss.

På fritida passa eg på Geir Erik, som eg var kjempeglad i. Han passa eg på til han var så stor at han ikkje kunne sitta i vogn lenger, så då var det å dra han med på trehjulssykkel. Som den gode fiskarsonen han var, hadde han ein taukveil bak på lasteplanet. Det kunne ta lang tid å flytta på seg for han skulle ”ankra” opp både titt og ofte. Når eg blei tenåring, fekk eg jobb på ”Sjappå” i Kåså. Der selde me pølse i brød, snop og ukeblad.

Eg flytta til Haugesund då eg var 16 år og begynte på drakt og som på yrkesskulen. Eg ville ha meg eit ”friår” med lite lekser, og hadde planar om å

ta helsefag seinare. På yrkesskulen lærte me alle sørteknikkar me hadde bruk for, og eg sydde kleda mine sjølv. Det var både lærerikt og kjekt.

Sommaren 1978 var eg ferdig med yrkesskulen, og søkte sommarjobb på Garnkroa. Eg var så heldig at eg fekk jobb med ein gong. Eg hadde alltid likt handarbeid, det var jo midt i blinken. Etterkvart gifta eg meg med sonen til sjefen. Me har eit barn, Kenneth som no er 30 år.

Martha hadde drive Garnkroa sidan 1965. Då starta ho i eit lite lokale og skulle selja Bernina symaskinar og litt garn. I januar 1978 flytta ho butikken til Torggt 6, der den er i dag.

Me hadde då bare første etasje, og lager i kjellaren. Etter nokre år, innreia me andre etasje med broderi, og i slutten av 80-talet starta me med vevegarn og bunad. Då søster mi Else Karin skulle skifte jobb

for 10 år sidan, vart ho tilsett som "sydame", og fekk mykje jobb med å sy bunader. I 2012 gjekk Martha av med pensjon og eg overtok som daglig leder.

På strikkefronten er det travelt som berre det. Det er trendy å strikke, og etter at Dorthe Skappel kom med sin rillegenser, tok det heilt av. No er det og nokre unge damer på Karmøy, som kaller seg for Klompelompe og som lager populære strikkeoppskrifter til barn og vaksne. I år har me dessutan 50 års jubileum som skal markerast med gode tilbud og festligheter.

På fritida er eg ein del på hytta vår i Årvik, ca. 4 mil frå Haugesund. Der har me hund, to alpakkasauer, høns, vaktel, fasan, ei gås, seks geiter og to ullgriser. Der kosar eg meg med dyra og naturen, og har det "gøy på landet". Eg er på hytta i helgene, medan mannen min er der endå oftare. Eg prøver og å få til nokre turar til Bømlo.

*Redaksjonen i Leidarsteidn
ynskjer lesarane ei
God Jul og eit Godt Nyttår!*



Parti frå Esperør 1926.

Biletskanning og formgjeving: Bernt Emil Vika
Trykkeri: Leirvik Trykkeri AS
Opplag: 800 eks.